

Om verbplassering og verbmorfologi i amerikanorsk

Av Kristin Melum Eide og Arnstein Hjelde

Denne artikkelen undersøker tilhøvet mellom verbbøyning og ordstilling i ein språkkontaktsituasjon der norsk er det eine språket og engelsk det andre. Meir spesifikt er datatilfanget henta frå fleire datasett med opptak av norsk-amerikanarar i den amerikanske Midtvesten, og opptaka spenner over 70 år og tre generasjonar. Dette gir høve til å studere korleis denne kontaktvarieteten endrar seg over tid med omsyn til dei fenomena som er tema i artikkelen. Artikkelen er slik eit bidrag til eit område av norsken som er lite utforska, men han tar òg mål av seg til å kaste lys over meir generelle problemstillingar innanfor språkkontakt, tospråklegheit, og den formalteoretisk retta lingvistikken under den retninga som vert omtala som "biolingvistikk". Utgangspunktet vårt i denne artikkelen vil særleg vere å sjå på språkkontakt som eit mentalt fenomen, der kontakten primært skjer i sinnet til språkbrukaren.

1 Innleiing

Tema i denne artikkelen er forholdet mellom verbplassering (særleg V2) og verbmorfologi i amerikanorsk og byggjer på fem ulike datasett samla inn frå tidleg på 1940-talet og fram til i dag. Eit slikt datamateriale gjer det muleg å sjå på den historiske utviklinga av verbbøyning og setningsstruktur i eit språksamfunn som er i mindretal i storsamfunnet, og sjå om det kan finnast ein eventuell samanheng mellom morfologisk markering og verbplassering. Ved å bruke eit materiale samla inn i ein språkkontaktsituasjon kan vi også sjå på kor robust V2-regelen er når norsk over lang tid er i kontakt med engelsk, som i hovudsak manglar V2.

Hovudmålet med denne studien er å bidra til den allereie omfattande forskinga på ein eventuell kausal samanheng mellom setningsstruktur og manifestert verbmorfologi. Innanfor formallingvistikken har ein gjerne arbeidd med data frå einspråklege, som ideelt sett skal ha hatt lite språk-



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

variasjon på individ- og gruppenivå. Nedarvingsspråklege på den andre sida vil ofte ha mykje slik variasjon, noko som kan gje nye perspektiv på den ontologiske statusen til involverte bøyingsparadigme og indikasjonar på kor robuste dei er. Gjennom å bruke data samla inn over fleire generasjoner kan vi også få betre innsyn i måten verbparadigme endrar seg på og dei grunnleggjande prinsippa som styrer setningsstrukturen.

Medan sosiolinguiststar, dialektologar og andre språkforskalar i fleire tiår har arbeidd med ulike sider ved nedarvingsspråk, er det først i dei seinare åra at meir formalteoretisk orienterte lingvistar har interessert seg for dette feltet; nedarvingsspråk utgjer derfor framleis i stor grad kvite flekkar på kartet over meir generell (formal-)teoretisk retta lingvistikk (“an uncharted territory for theoretical linguistics”), som Benmoun, Montrul og Polinsky seier (2013a: 172). Samstundes blir det peika på at eit skifte i forskingsfokus frå den einspråklege til den fleirspråklege er viktig for å utvide den grunnleggjande forståinga vår av den menneskelege språkevna (op.cit. 129). For den generative retninga av språkforskinga, særskilt den chomskyanske retninga, som går under namnet prinsipp- og parameterteori, er dette relativt nye tankar.

Noam Chomsky, opphavsmannen til prinsipp- og parameterteorien og teorien om universalgrammatikken (UG), eller meir generelt “biolinguistikk”, har til liks med mange andre innanfor dette rammeverket ofte og lenge postulert at den einaste legitime kjelda til innsyn i språk er den vaksne einspråklege morsmålsbrukaren (Cook og Newson 2007: 221). Likevel vil det vere svært urimeleg å hevde at ein innanfor prinsipp- og parameterteorien ikkje har sett at utforsking av data frå fleirspråklege kan gje viktige bidrag i utforskinga av språklæringsvevna. Chomsky (2000: 59) innrømmer at i realiteten veks “alle” opp i fleirspråklege miljø og seier at uansett kva språkevna er, så kan ho klart ha fleire ulike tilstandar samstundes og dermed innehalde mange ulike grammatikkar på ein gong. Når den generative grammatikken har ført fram ideen om “an ideal speaker-listener, in a completely homogeneous speech-community, who knows its [språksamfunnets] language perfectly”, slik Chomsky formulerte det (1965: 3), så har dette samanheng med at når noko så komplekst som språkstrukturar og språklæringssevne skulle studerast, så burde dette vere i ei så grunnleggjande og “rein” form som råd var, utan den typen støy som fleirspråklegheit på dette stadiet kunne representer: “The only way to deal with the complexities of the real world is by stu-

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

dying pure cases and trying to determine from them the principles that interact in the complex cases” (Chomsky, sitert i Grosjean 2013¹).

I seinare tid har fleire forskrarar peikt på at ettersom ein stor del av menneskeheita er fleirspråkleg, må også universalgrammatikken verte meir spesifikt innretta mot å beskrive og forklare den generelle evna individet har til å ha to konkurrerande grammatikkar på ein gong, der desse grammatikkane både kan seiast å konkurrere og ofte vere i konflikt. Cook og Newson (2007: 223–24) spør om det er riktig å fortsette å skuve fleirspråklegheit ut på sidelina når ein skal beskrive kompetansen til ein språkbrukar, eller om det ikkje heller bør vere slik at fleirspråklegheit skal vere med og utforme forskingsspørsmåla i utgangspunktet.

Nedarvingsspråk er særleg interessante her, sidan dei kan kaste lys over kva som er nødvendige og tilstrekkelege vilkår for første- og andre-språkstileigning, i tillegg til kva slags og kor mykje innputt som er naudsynt for å utvikle, vedlikehalde og eventuelt gjenopprette eit internalisert språk (Benmamoun, Montrul og Polinsky 2013a). Ut frå dette er det derfor ikkje rart at akkurat nedarvingsspråk har vorte eit vesentleg forskingsfelt for formalteoretisk og generativt orienterte lingvistar dei siste åra, nettopp fordi ein ventar at dette vil gje viktige bidrag også til den generelle språkvitskapen (Page og Putnam, 2015: 1).

Rothman (2009: 156) seier at eit språk er eit nedarvingsspråk om det vert brukt i heimen eller på anna vis er lett tilgjengeleg for dei borna som tileigner seg det, samstundes som det ikkje er det dominante språket til det overordna (nasjonale) språksamfunnet. Forskingslitteraturen har mange ulike definisjonar av nedarvingsspråk og nedarvingsspråklege. Benmamoun, Montrul og Polinsky (2013b: 259) peikar på at desse definisjonane gjerne blir utforma for å passe til spesifikke kontekstar og språksamfunn som blir utforska, og at dei derfor er vanskelege å bruke i andre kontekstar. Dei opnar for ein smal og ein brei definisjon av ein talar av nedarvingsspråk:

Defined broadly [...] a heritage speaker is anyone who has an ethnic, cultural or other connection with a language, regardless of whether that person learned the heritage language as a child. Defined narrowly, a person is a heritage speaker if and only if he or she grew up learning the heritage language and has some proficiency in it. (Benmamoun, Montrul og Polinsky 2013b: 260)

1. Dette er eit intervju gjengitt på ein blogg og har slik ikkje sidetal.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

I denne artikkelen vil vi bruke den smale definisjonen til Benmamoun, Montrul og Polinsky av ein nedarvingsspråkleg talar, samstundes som vi bruker Rothmans definisjon av eit nedarvingsspråk. Informantopptaka i denne studien vart gjort til ulike tider, med 20, 50 og 70 års avstand, mellom tidleg 1940-tal og 2010. Det er tydeleg skilnad på i kor stor grad informantane har vore eksponerte for nedarvingsspråket og kor lett det fell dei å snakke norsk. Dei vaks alle opp i eit fleirspråkleg samfunn der norsk vart snakka heime. Norsk vart dermed førstespråket, samstundes som dei gjekk gjennom eit språkskifte så snart dei starta på skolen.

I det som følgjer, vil vi først presentere studien (del 2) og nokre viktige fakta om norsk og engelsk setningsstruktur (del 3). I del 4 diskuterer vi tilhøvet mellom verbplassering og verbmorfologi med utgangspunkt i det litteraturen seier om dette innanfor felta språktileigning, språkkontakt, og diakron språkendring. Her sett vi også fram nokre fundamentale hypotesar og påstandar frå Eide (2009a, 2009b, 2010, 2011a, 2011b, 2011c, 2012, 2016). I del 5 undersøkjer vi om det finst ulike typar av V2, og i del 6 presenterer vi materialet meir detaljert. I del 7, 8 og 9 tek vi for oss dataa som omhandlar V2 og verbmorfologi i materialet frå 1940-åra, 1990-åra, og 2010. Del 10 er avrunding og oppsummering av hovudfunna i studien.

2 Bakgrunn: finitdistinksjonen og V2, informantar og lånverb

Kristin Melum Eide har i ei rekke arbeid (sjå ovanfor) foreslått at det i germanske språk er ein samanheng mellom på den eine sida kravet om V2-struktur i deklarativar og på den andre sida om finittheitsdistinksjonen kjem til uttrykk i paradigmet til produktive verbklassar. I norsk, som har V2-struktur i deklarativar, finn vi også at finittheitsdistinksjonen er produktiv og morfologisk synleg. Engelsk, ulikt andre germanske språk, har “mista” V2-regelen, og der har også finittheitsdistinksjonen i verbparadigmet forsvunne i produktive klassar (sjå avsnitt 4). Vi bruker denne skilnaden mellom norsk og engelsk som bakteppe når vi her ser på V2 og finittheitsdistinksjonen i amerikansk i Midtvesten.

I denne studien bruker vi fem ulike datasett frå tre ulike tidsperiodar. Det er opptak etter Einar Haugen frå 1940-talet, opptak av Arnstein Hjelde frå 1990-talet og opptak gjort i 2010, delvis i regi av NorAmDia-

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Syn-prosjektet, delvis av Kristin Melum Eide og Arnstein Hjelde. Status og bruk av norsk som nedarvingsspråk har nok endra seg mykje i løpet av desse 70 åra. På 1940-talet møter vi tospråklege som lever i eit samfunn der både norsk og engelsk var i vanleg bruk, og det er rimeleg å tru at for ein del var norsk framleis det dominerande språket i kvarldagen. På 1990-talet møtte vi også informantar som hadde vakse opp i eit fleirspråkleg samfunn, men for nesten alle var engelsk no det dominerande språket i det daglege. Norsk var framleis i bruk, men dei fleste brukte det berre av og til. I materialet frå 2010 har vi i hovudsak fokusert på norskspråklege fødde etter 1940. Også desse vaks opp i eit fleirspråkleg samfunn, men sidan dei var små, hadde engelsk vore det dominerande språket i samfunnet, og fleire av desse meinte at det var mange år sidan dei sist hadde snakka norsk. Vi kan derfor gjennom dette materialet følgje norsken sin status, frå ein situasjon der språket framleis var mykje brukt og for nokre domene dominerande, via eit samfunn der norsk berre i nokon mon vart tradert, til ein situasjon der nedarvingsspråket har vorte usynleg og ikkje er i dagleg bruk.

Språket slik det blir dokumentert i denne studien, fell heile vegen inn under definisjonen av nedarvingsspråk som vi legg til grunn. Gjennom å bruke desse ulike opptaka kan vi også følgje utviklinga i verbparadigmet og sjå på endringar i kor robust V2-regelen er. For å sikre at vi ser på produktiv verbmorfologi, ser vi på kva bøyingsklassar engelske länverb blir plasserte i. Sidan desse har kome inn i språket i nyare tid, meiner vi at den måten desse blir integrerte på, er den beste indikatoren på om tempus- og/eller finittheitsdistinksjonen framleis er produktive i amerikanorsk.

3 Norsk og engelsk: SVO og V2

Både norsk og engelsk er såkalla SVO-språk, der den umarkerte setningsleddfølgja er subjekt – verbal – objekt/adverbial (SVO). Sjølv om dette typologisk sett er ein vanleg struktur, finn vi også SOV (t.d. latin og japansk) og VSO (t.d. irsk og klassisk hebraisk) som svært frekvente i språk rundt om i verda. Om lag 65 % av deklarative hovudsetningar har subjektet først i munnleg og skriftleg norsk (jf. Eide 2011b, Eide og Sollid 2010, 2011), som i (1a). I dei resterande tilfellene er det noko anna som står i forfeltet, typisk eit adverbial, og dette blir da “topik” eller “tema” for



setninga. Den syntaktiske operasjonen som set dette leddet først blir ut frå dette gjerne kalla topikalisering eller tematisering. I V2-språk, som norsk, vil topikalisering utløyse kravet om V2, slik at verbet flyttar rundt subjektet (1b). Topikalisering i ikkje-V2-språk, som engelsk, har ikkje eit slikt krav om V2 (jf. 1c).

- (1) a. Jon kjøpte litt meir land i går.
b. I går kjøpte Jon litt meir land.
c. Yesterday John bought some more land.

Sjølv om engelsk altså ikkje har eit generelt krav om V2 i deklarative hovudsetningar, finn vi også her noko som liknar på V2-kravet i enkelte kontekstar; det Rizzi (1996) omtalar som “rest-V2”. Her har vi òg subjekt-verb-inversjon, sjølv om det berre oppstår med hjelpeverb. Hovudverb i engelsk blir ikkje flytta til V2-posisjonen,² og om det ikkje opptrer eit modalverb, hjelpeverb eller kopula i setninga, må ein tilkalle hjelpeverbet *do* til å oppfylle V2-kravet (eller inversjonskravet). Slik rest-V2 finn ein mellom anna når ein har adverb eller adverbial i forfeltet som inneheld ein negativ kvantor (2a), når ein har setningsnegasjon (2b),³ eller *kv-spørjesetningar* der spørjefrasen ikkje er subjekt (2c).

- (2) a. Never/Not once did she complain about her life.
b. She didn't/did not complain about her life.
c. Why would/did she complain about her life?

I den generative litteraturen blir denne subjekt-verb-inversjonen typisk analysert som flytting av verbet til venstre for subjektet (“V-til-C”-flytting eller “I-til-C”-flytting; sjå neste del). Sjølv om denne flyttinga berre førekjem i enkelte konstruksjonar i engelsk (og i dei moderne romanske språka med unntak av retoromansk), er Rizzi (1996: 64) klar på at denne typen av flytting høyrer heime saman med “vanleg V2” som ein finn det

2. Her ser vi vekk frå unntak som lokativ inversjon og sitat-inversjon som kan oppetre med høvesvis lokative verb (*Into the room came Mary*) og utsegnsverb (*You like him, says Mike*).
3. Dette betyr sjølv sagt ikkje at ein ikkje kan negere hovudverb utan hjelpeverbet *do* i engelsk. T.d. i infinitivar (*We decided not to go*) og i *kvifor-ikkje*-konstruksjonar (*Why not accept the facts?*) finn vi hovudverb som opptrer med negasjon utan hjelpeverbet *do*. Men den negasjonen vi finn i engelske hovudsetningar, er av ein spesiell art. Han kan reduserast til *n’t*, ulikt negasjon i andre kontekstar; sjå t.d. Zanuttini (1996) og Schütze (2003: 11).

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

i andre europeiske språk, og da særleg i dei andre moderne germanske språka, der V2 er ein generell regel for deklarative hovudsetningar.

I engelsk er altså V2-regelen avgrensa til enkelte konstruksjonar, medan han finst i alle deklarative hovudsetningar på norsk. Det vil seie, ikkje riktig alle. Vi kan også finne ikkje-V2 i norske deklarative hovudsetningar, t.d. i spesielle konstruksjonar eller utløyst av bestemte adverb (sjå Eide og Sollid 2011). Faarlund, Lie og Vannebo (1997: 821) nemner at adverb som *bare/berre*, *kanskje* og *liksom* alle kan gi opphav til deklarativar med verbet på tredje plass; sjå (3a) frå Faarlund, Lie og Vannebo (1997: 821) og (3b), (3c) frå Eide og Hjelde (2013). Merk at (3c) ikkje er brukande i standard norsk, men derimot i standard svensk og i ein del norske dialektar (den høyrest betre ut med spørje-intonasjon, meiner enkelte norske informantar, sjølv om strukturen framleis er ei deklarativ hovudsetning). Konstruksjonar kjende som “venstre-dislokering” eller “laust forfelt” får òg verbet på tredje plass (sjå (3d) frå *Nettavisen*, juli 2007, sitert her frå Eide og Sollid 2011), og i *så*-konstruksjonen (3e), mykje bruka i munnleg norsk, finn vi topik-markøren *så* mellom adverbialet i forfeltet og det finitte verbet (som dermed hamnar på tredje plass), sjå Eide (2011b), Eide og Sollid (2007, 2011), Nordström (2010), Sollid og Eide (2007) for analyse av denne konstruksjonen.

(3) a. Vi berre *dansa*.

- b. Kanskje han *kjøpte* litt meir land.
- c. ? Han kanskje *kjøpte* litt meir land.
- d. Seieren til tross, sveitseren *er* ikke fornøyd...
- e. Eigentleg så *kjøpte* han berre litt meir land.

4 V2 og verbparadigma

V2-regelen er heller sjeldan. I tillegg til dei germanske språka finst det berre ei handfull språk som krev verbet på andre plass i deklarative hovudsetningar (sjå t.d. Platzack 2010: 90). Typologisk ser derfor V2 ut til å vere svært “markert”. I andrespråkslitteraturen og i litteraturen om språkkontakt blir det ofte hevda at V2 er vanskeleg å tilegne seg for vaksne innlærarar. Sjølv for innlærarar som har V2-regelen i morsmålet sitt, skal V2-regelen vere sein å lære og mellom dei siste syntaktiske



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

trekka som blir meistra; for nokre innlærarar kjem han aldri på plass (sjå t.d. Clahsen og Muysken 1986, Platzack 2001, Pienemann 1998).⁴

I språkkontaktsituasjonar som dei unge multietniske miljøa skildra i Opsahl (2009), Opsahl og Nistov (2010) og Opsahl og Nistov (2014) blir ikkje-V2 i deklarative hovudsetningar (særleg utløyst av adverb som *eigentleg*) tilsynelatande brukt til å synleggjere medlemskap i ei spesifikk multietnisk gruppe. Denne strukturen blir òg nytta av etnisk norske unge, så lenge dei tilhøyrrer den same gruppa, men det kan ikkje vere særleg tvil om at dette i utgangspunktet var eit andrespråksfenomen.

Eldre språksteg av engelsk hadde generalisert V2 (med nokre unntak, sjå van Kemenade 1987, Häberli 2002, Westergaard 2009), men mista dette trekket på 1400-talet. Ifølgje ei rekke forskrarar hadde dette tapet samanheng med språkkontakt mellom engelskmennene og ulike grupper av innvandrarar og erobrarar; nokre legg skulda på keltarane (Filppula 2003, van der Auwera og Genee 2002), nokre peikar på franskmennene (Bailey og Maroldt 1977, Poussa 1982), og andre igjen meiner at skandinavane var ansvarlege for at engelsk mista V2 (McWhorter 2005, 2007; Eide 2016, Emonds og Faarlund 2014). Her skal vi ikkje gå inn i denne debatten. Derimot vil vi nemne at dei fleste er samde om at denne endringa i engelsk skjedde på grunn av vaksne innlærarar si ufullstendige tileigning av det engelske språket. Dette vil då vere eit eksempel på eit syntaktisk trekk som forsvinn frå språket på grunn av “the lousy language-learning abilities of the human adult”, som Trudgill (2001: 372) formulerer det. Uansett kva som starta prosessen som leidde til denne endringa, er det òg ei slags semje om at forvitringa av verbmorfologien på ein eller annan måte har samanheng med tapet av V2 i engelsk; her McWhorter (2007: 78):


4. Men sjå òg Bohnacker (2006) for eit anna syn. Ho hevder at V2 i morsmålet faktisk fører til ein positiv transfer-effekt når det gjeld V2-regelen i svensk, men berre for dei innlærarane som ikkje meistrer engelsk frå før. Engelsk som andrespråk vil komme inn og forstyrre innlæringa av V2 i tredjespråket (her: svensk). Bardel og Falk (2007) ettergikk denne hypotesen og testa verbplassering før eller etter negasjon hos innlærarar med ulike kombinasjonar av første- og andrespråk. Deira resultat støttar Bohnackers hypotese (i lag med teorien *L2 status factor* som er utvikla i Hammarberg 2001): eit andrespråk kan påverke tileigninga av eit tredjespråk meir enn det førstespråket gjer. Håkansson, Pienemann og Sayheli (2002) er sterkt ueinige i dette, og hevdar på si side at det ikkje kan påvisast transfer frå andrespråket til tredjespråket. Muleg påverknad frå eit andrespråk til eit tredjespråk har nyleg blitt ein heit debatt i andrespråkslitteraturen; sjå Busterud (2014) og Jin, Eide og Busterud (2015) for eit oversyn.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

One current consensus links the loss [of V₂] to the erosion of verbal inflectional morphology. A general assumption is that V₂ results from verb movement [...], and inflection-based accounts of V₂ loss suppose that the erosion of verbal morphology led to the verb staying in place rather than moving upward in the clause [...].

Forklaringer som søker å etablere ein samanheng mellom visse trekk i verbmorfologien og verbflytting, høyrer til ein familie analysar som går under namnet RAH, "Rich Agreement Hypothesis" (Rohrbacher 1999 og mange andre). Til liks med det som er vanleg i prinsipp- og parameterteorি, legg ein til grunn at verbet utgjer ryggrada i trestrukturen til setninga, og at verbet gir opphav til tre ulike domene i setninga. Det nedste domenet er det leksikalske domenet, oppkalla etter verbet og verbfrasen, "VP". Det midtre domenet har referanse og bøyning som sitt ansvarsområde og er kalla opp etter infleksjon ("IP"). Det øvste domenet kommuniserer med konteksten for setninga og er kalla "CP", etter *complementizer*, subjunksjon. I ei svært forenkla framstilling kan vi tenkje oss at verbet (i ubøygd form) startar si ferd i VP, samlar argumenta sine (t.d. objekt) kring seg, og så flyttar opp i IP for å plukke opp dei bøyingane det skal ha. Subjektet sin faste plass er òg i IP, medan setningsadverbiala opptrer mellom subjektet og (verbet i) I. Om ein går ut frå ein struktur som dette, kan setningsstrukturen i norsk og engelsk vere svært lik, det er mest berre verbflyttinga som skil. Avhengig av det den større konteksten krev, t.d. om setninga skal vere ei undersetning eller ei hovudsetning, flyttar det norske verbet frå I til C (om setninga er ei hovudsetning) eller stansar i I (om setninga er ei undersetning). Det engelske hovudverbet, derimot, vert alltid ståande i V.

For å få flytte til CP, må verbet først flytte til IP, eller I-domenet. Om verbet skal få tilgang til I-domenet eller ikkje, er bestemt av dei bøyingane verbet skal ha, etter RAH-hypotesen. I gammelengelsk hadde dei engelske verba mykje samsvarsbøyning, medan desse paradigma i moderne engelsk er sterkt redusert og erodert. På eit tidspunkt vart graden av samsvarsbøyning for liten til at denne bøyninga kunne drive flyttinga av hovudverbet til I-domenet, sjølv om hjelpeverba i engelsk framleis opptrer her. Hovudverb i engelsk kan ikkje flytte til C av di dei heller ikkje kan flytte til I, medan hjelpeverba kan opptre i I og derfor også er dei einaste engelske verba som regulært kan opptre i C; t.d. i dei konstruksjonane Rizzi (1996) omtalar som rest-V₂.



Den før nemnde McWhorter (2007: 78) synest ikkje at forklaringane innanfor RAH-familien er gode forklaringar på kvifor V2 forsvann i engelsk, særleg når ein ser på dei skandinaviske språka. Fastlandsskandinavisk har jo enda mindre subjekt-verb-kongruens enn det moderne engelsk har, men her lever V2 i fullt monn. Derfor, seier han, “overall, the explanations offered in this case lack explanatory power or falsifiability”. Etter vårt syn kjem “den manglende forklarande krafta” ikkje av at koplinga mellom tap av V2 og tap av verbmorfologi er feil, men ho kjem av at ein enno ikkje har klart å isolere det rette distinktive trekket som utløyser verbflyttinga.⁵

Vi vil argumentere for at det relevante distinktive trekket er finitt-distinksjonen. I prinsipp- og parameterteori er det vanlegaste å sjå på finittdistinksjonen som eit amalgam, spesifikt som ein kombinasjon av trekka tempus og verbkongruens (personbøyning). Dette synet har lange tradisjonar, heilt tilbake til antikkens grammatikkverk, og tar som utgangspunkt at nærværet av personbøyning og tempusmarkering på verbet

5. Ein fagfelle spør her om det ikkje kan vere slik at det er sjølve verbflyttingsteorien som etter McWhorters mening ikkje har forklaringskraft, men det er ikkje tilfellet. McWhorter var så sjenerøs å komme med ei rekke innspel til det arbeidet som vart publisert som Eide (2016), og i ein e-post seier han mellom anna at denne verbflyttingsanalysen er svært god.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

er det som skil ei finitt setning frå ei ikkje-finitt setning. Slik sett kunne ein tru at vår hypotese ikkje bryt frykteleg sterkt med analysane i RAH-familien, der det er personbøyning som gjer setninga finitt, og der det òg er personbøyning som tillèt verbflytting til I. I vår analyse har derimot personbøyninga ingen plass i definisjonen av finitt-trekket, sjølv om finitt-trekket ofte og gjerne opptrer saman med og samtidig med personbøyning i form av verbkongruens. Vi vil derimot argumentere for at finitt-trekket er eit fundamentalt og udeleleg trekk som eksisterer uavhengig av både tempus og verbkongruens, og slik sjølvsagt ikkje kan vere eit amalgam av desse to.

I norsk er det relativt lett å argumentere for at finitt-distinksjonen er uavhengig av både tempus og verbkongruens. For det første er det ikkje personbøyning på verbet som avgjer om setninga er finitt eller ikkje: Finitte verb viser generelt ikkje kongruens med subjektet i standard norsk, verbet har same form uansett om subjektet er eintal eller fleirtal, og uavhengig av 1. 2. og 3. person. Vidare kan ein argumentere for at alle verbformer (unntatt imperativar) har tempusmarkering i norsk. Infinitiven kan uttrykkje dei same temporale relasjonane som presensforma kan (altså: ikkje-fortid), og perfektum partisipp kan uttrykkje dei same temporale relasjonane som preteritum (altså: fortid). Sjå på eksempla i (5), og dei temporale forholda hovudverbet uttrykkjer.

- (5) a. Marit *kjem* no. (samtid)
b. Marit *kjem* i kveld. (framtid)
c. Marit må truleg *sove* no. (samtid)
d. Marit må truleg *sove* når hun *kjem*. (framtid)
e. Marit *kom* hit klokka fire. (fortid)
f. Marit hadde allereie *kome* hit klokka fire. (fortid (i fortid))

Ulikskapen mellom finitte og ikkje-finitte former i norsk ligg i at finitte former typisk relaterer seg temporalt til talehandlinga, eller taletidspunktet, medan ikkje-finitte former uttrykkjer ein temporal relasjon til verbet føre. I (5 a, b og e) er hovudverbet samtid, framtid og fortid relativt til utsegnstidspunktet, medan hovudverba i 5 c, d og f relaterer seg til hjelpeverbet (og dermed berre indirekte til taletidspunktet). Derfor er det gjerne slik i dei germanske språka at finitt-distinksjonen speglar distinksjonen mellom *absolutte* og *relative* tempus, slik Comrie (1985: 36) penslar



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

ut desse (sjå t.d. Eide 2012, 2016 for ein mykje meir detaljert diskusjon av desse påstandane).⁶

(6)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum	Perfektum partisipp
-Fortid	Presens	Infinitiv

Gammalengelsk, som moderne norsk, hadde ulike former for alle dei fire cellene i paradigmet i (6) for både sterke verb som *singan* ‘syngje’ og svake verb som *lufian* ‘elske’; sjå (7a). Dette har endra seg, og endrar seg framleis, slik at engelsk no er eit språk der finitt-distinksjonen ikkje lenger er produktiv for hovudverba. I staden får vi ein tovegs-distinksjon der berre forskjellen mellom fortid og ikkje-fortid er uttrykt. Finitt-distinksjonen forsvinn først ved dei svake verba, som no blir bøygde etter det forenkla paradigmet i (7b): Ei generell form [+fortid] som dekkjer funksjonen til både preteritum og perfektum partisipp, og ei generell form [-fortid], som dekkjer funksjonen til både presens og infinitiv (ofte kalla “the bare form”). Her skal vi sjå bort frå presensforma i 3. person eintal (-s).

Medan engelske svake, regulære verb har vorte bøygde etter det forenkla paradigmet i (7b) i fleire hundre år, har ein halde på eit litt meir komplekst system for dei irregulære (typisk) sterke verba. Sjølv om det også her berre er ei form for [-fortid] (igjen, med unntak av presens, 3. person eintal), er det ofte ulike former for preteritum og perfektum partisipp. Så i staden for fire former held ein seg med tre former i standard engelsk; sjå (7c). I mange moderne engelske varietetar (ulike dialekta og sosiolektar) finn ein no at finitt-distinksjonen forsvinn også for desse verba, slik at også dei sterke verba innordnar seg i systemet, sjå (7d). Vi viser til Eide (2009a, 2009b, 2016) for meir detaljerte fakta og argument for denne analysen, og sjå Eisikovits (1987) og Sampson (2002) for ein rekke empiriske data som underbyggjer dette.⁸

6. Tradisjonelt har ein jo også i norsk grammatikk rekna med eit ‘presenssteg’, som også inkluderte infinitiv, og eit ‘preteritumssteg’, som også inkluderte p[artisipp]/sup[inum].
7. Eigentleg hadde det mange fleire, når ein reknar verbkongruens i person og tal, tillegg til modusendingar. Her skal vi abstrahere vekk frå desse dimensjonane.
8. Dette gjeld fleire ulike engelske varietetar, t.d. handlar Eisikovits’ (1987) studie om

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

(7a)	+Finitt	-Finitt	(7b) svake verb	
+Fortid gl. engelsk norsk	Preteritum <i>sang, lufode</i> <i>sang, likte</i>	Partisipp <i>gesungen, luftod</i> <i>sunget, likt</i>	+Fortid notidsengelsk	Preteritum/partisipp <i>liked, killed, smiled</i>
-Fortid gl. engelsk. Norsk	Presens: <i>singē, lufie</i> <i>synger, liker</i>	Infinitiv: <i>singan, lufian</i> <i>syngē, like</i>	-Fortid notidsengelsk	Presens/infinitiv: <i>like, kill, smile</i>

↓

(7c) Standard sterke verb	+Finitt	-Finitt	(7d) Dialektale sterke verb	
+Fortid notidsengelsk	Preteritum <i>went, saw,</i> <i>drove</i>	Partisipp <i>gone, seen,</i> <i>driven</i>	+Fortid notidsengelsk	Preteritum/partisipp <i>went, seen, drove</i>
-Fortid notidsengelsk	Presens <i>go, see, drive</i>	Infinitiv <i>go, see, drive</i>	-Fortid notidsengelsk	Presens/infinitiv <i>go, see, drive</i>

Alle nye verb i engelsk er svake, så det er det forenkla paradigmet i (7b) som er det produktive paradigmet for notidsengelsk. Hypotesen vår i denne artikkelen (og her følgjer vi Eide 2009a, 2009b, 2016) er at tapet av finittdistinksjonen som eit produktivt paradigme for hovudverba leidde til at V2-maskineriet braut saman for hovudverba i engelsk. Det vil seie at i notidsengelsk er ikkje V2-regelen lenger obligatorisk for deklarative hovudsetningar, og “rest-V2” kan berre appliserast på hjelpeverba: Rest-V2, til liks med det meir ordinære V2, krev eit finitt-trekk på verbet som skal flyttast til V2-posisjonen. Når hovudverbet ikkje lenger har eit slikt trekk, kan det ikkje delta i V2-flytting. Berre hjelpeverba har finitt-trekket, og berre desse kan reglane for “rest-V2” appliserast på.

Som nemnd tidlegare undersøkjer vi her verbparadigma og V2-regelen i ein språkkontaktsituasjon der engelsk er det dominante språket og det svakare språket er norsk, som heilt klart er eit V2-språk. Som vist i (7) opprettheld norsk finittdistinksjonen for dei produktive verbparadigma, og denne distinksjonen er ikkje avhengig av andre trekk som tempus eller verbkongruens. Vi har hevda at engelsk ikkje lenger har finittdistinksjonen produktivt til stades for hovudverba (berre for hjel-

talemåla i bykjernen i Sydney. Men som Trudgill og Chambers (1991: 52) peikar på, gjeld generaliseringane hennar òg for mange andre varietetar av engelsk. Ikkje alle engelske varietetar følgjer den same ruta når dei forenklar paradigmet i (7). I nokre tilfelle er det preteritumsforma som tek over begge funksjonane, som i *should-a-went*. I andre tilfelle er det partisippforma som vinn grunnen: *She gone home*. Den tredje varianten er at det oppstår ei heilt ny form, som forma *seed* for *saw* og *seen*. Alt ifølgje Sampson (2002).



peverba), sjølv om det finst restar av han i paradigma til ein heil del frekvente (sterke) irregulære verb. I det som følgjer, skal vi undersøkje om det er muleg å finne ein samanheng mellom det å oppretthalde V2-regelet og det å oppretthalde finitdistinksjonen i dei produktive verbparadigma i dei norske varietetane vi finn i den amerikanske Midtvesten. Ut frå hypotesen vår skulle ein vente at ein vikande finitdistinksjon òg har ein effekt på V2-maskineriet i desse kontaktvarietetane som lever under eit sterkt påtrykk frå engelsk.

5 Ein eller fleire typar av V2?

Frå eit strukturelt perspektiv står det finitte verbet i ei V2-setning i andre posisjon og har éin konstituent til venstre for seg. Akkurat slik er det for verbet i ei SVO-setning òg. Derved kan det synast lite relevant å skilje mellom SVO og V2 i mange tilfelle. Som vi hugsar, har om lag 65 % av norske deklarative hovudsetningar subjektet først i setninga. Likevel gir ikkje SVO og V2 eigentleg same resultat. Ein kan sjå dette t.d. i hovudsetningar som inneholder setningsnegasjon og andre setningsadverbial.

Om ein samanliknar deklarative undersetningar med deklarative hovudsetningar, finn ein som kjent at dei gjerne har ulik ordstilling. Dette vert særleg synleg når ein samanliknar setningar som inneholder negasjon eller andre setningsadverbial. I den underordna deklarativen i (8a) finn ein såleis det finitte verbet til høgre for negasjonen (noko som her gir V₃), medan den motsvarande hovudsetninga har det finitte verbet til venstre for negasjonen, i tråd med V2-kravet (8b). Topikaliseringsstrukturen (som i (1b), gjenteke her som (8c)) finn vi berre i hovudsetningar (vi ser bort frå undersetningar med hovudsetningsordstilling akkurat no, men sjå nedanfor). I den generative litteraturen har ein sidan den Besten (1983, 1989) gjort greie for desse ordstillingsfenomena gjennom å gå ut frå at verbet flyttar: I hovudsetninga flyttar verbet forbi negasjonen, men i undersetninga flyttar det ikkje. Sjå òg figuren i (4) ovanfor.

- (8) a. ...fordi Jon ikkje *kjøpte* meir land i går.
b. Jon *kjøpte* ikkje meir land i går.
c. I går *kjøpte* Jon litt meir land.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Etter den Besten har det likevel vore ein viss debatt om verbet flyttar til same posisjon i (8b) og (8c); ein har sett det naudsynt å skilje mellom *subjekt-initial V2* (som i (8b)) og *topikaliserings-V2* (som i (8c)), sjå også Travis (1984) og Zwart (1997a, 1997b). På den andre sida har Vikner og Schwartz (1996), Platzack (1998) og mange andre hevda at dei to typane av V2 eigentleg er ein og same type: I begge tilfella flyttar verbet til same posisjon.⁹ Van Craenenbroeck og Haegeman (2007) gir ein kort oversikt over begge sidene i denne debatten.

Som så vidt nemnt er også V2 representert i underordna setningar, og da særleg i setningar som står som komplement til såkalla *bruverb*.¹⁰ Wiklund m.fl. (2009) undersøkjer V2 i slike underordna setningar og argumenterer for at subjekt-initial V2 og topikaliserings-V2 er akkurat same typen av flytting. Likevel finn dei klare ulikskapar mellom dei to i dei skandinaviske språka: islandsk (og nokre varietetar av færøysk) tillét ordstillinga [finit verb] > [negasjon] (altså subjekt-initial V2) i ei rad setningstypar der topikaliserings-V2 ikkje er brukande, samanlikn (9a) og (9b):

- (9) a. Hann sá eftir að hann hafði ekki sungið.
han såg etter at han hadde ikkje sunge
'Han angra på at han ikkje hadde sunge.'
- b. * Hann sá eftir að *þetta lag* hafði hann ekki sungið.
han såg etter at denne songen hadde han ikkje sunge
'Han angra på at denne songen hadde han ikkje sunge.'

Slike fakta har fått enkelte forfattarar (t.d. Holmberg og Platzack 1995: 78 f; Vikner 1995: 139 ff.) til å hevde at islandsk har ein type *kort verbflytting* som flyttar verbet opp frå utgangsposisjon, men til ein lågare po-

9. Etter at Rizzi (1997) la fram hypotesen om at C-domenet med fordel kan delast opp i ein rekkje projeksjonar, går ein no ut frå at det finst mange ulike kjerneposisjonar verbet i prinsippet kunne flytte til, og dermed kan ein tenke seg mange ulike "V2-posisjonar". Det er fleire nyare analysar som tek utgangspunkt i ei slik tilnærming, sjá t.d. Westergaard og Vangsnæs (2005). Til vårt bruk er det ikkje naudsynt med ein så finmaska analyse, derfor vil vi ikkje bruke ein Split-CP-analyse i denne artikkelen.
10. Bruverb i den opphavlege tydinga var verb som tillét flytting av ein konstituent ut av komplementet sitt, som f.eks i setningsknutar: "Denne løysinga *meinte* han var den beste" vs. "?Denne løysinga *twilte han på* (at) var den beste". Etter Vikner (1995) blir termen bruverb meir og meir brukt om nettopp slike verb som kan ta hovudsetningsordstilling i komplementet sitt (sjá Julien 2008), noko som dermed kan gjere definisjonen sirkulær.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

sisjon i setninga enn “ekte” V2. Wiklund m. fl. (2009) argumenterer derimot for at begge typane av V2 er flytting til same domenet; det er berre at subjekt-initial V2 er eit “rotfenomen”, dvs. eit fenomen som berre gjeld for den mest overordna setninga, i norsk og svensk. Den same restriksjonen gjeld ikkje for islandsk og færøysk, hevdar dei.

Eide (2009a, 2009b, 2016) har ingen spesifikke prediksjonar som kunne skilje mellom dei to typane av V2. Det er likevel grunn til å peike på at subjekt-initial V2 i negerte hovudsetningar i engelsk, som har ordstillinga [finit verb] > [negasjon], kjem inn under den gruppera av fenomen vi (etter Rizzi 1996) har kalla “rest-V2” i del 2 over (sjå t.d. eksempel (2b)). Denne typen av V2 er derfor framleis ein aktiv regel i moderne engelsk syntaks, ulikt topikaliserings-V2. Som nemnt over utløyser ikkje topikalisering av eit ikkje-subjekt V2 i engelsk, med mindre den topikalisererte frasen er eit negativt adverb eller ei *kv-spørjefrase*; sjå eksempla i (2). Slik skulle ein kan hende vente at topikaliserings-V2 var meir sårbar enn subjekt-initial V2 i ein norsk-engelsk kontaktsituasjon, sidan sistnemnde også har støtte i grammatikken til det dominante (engelske) språket. Til vår bruk er det ikkje så avgjerande om verbet flyttar til ulike posisjonar for dei to ulike typane av V2, men som antyda tidlegare (og slik det blir diskutert vidare i del 9), er det nyttig å skilje mellom subjekt-initial V2 og topikaliserings-V2 også om ein berre ønskjer å beskrive dei relevante språkkontaktvarietetane.

6 Materialet

I denne studien bruker vi materiale frå fem ulike sett med opptak for å sjå om vi kan påvise endring over tid med omsyn til V2 og verbmorfologi. Alle opptaka vart gjort i to norskdominerte samfunn i Wisconsin: Coon Valley (“Kon Valle”)/Westby i Vernon County og Blair i Trempealeau County. Begge desse er gamle norske busetjingar som først vart etablerte midt på 1800-talet og dei er lokaliserete i dei to områda som i dag har høgast tettheit av norskætta innbyggjarar. Ifølgje folketeljinga i 2000 (“the 2000 US Census”) rapporterte 40 % av innbyggjarane i i Trempealeau County og 36 % i Vernon County at dei hadde norsk opphav. I Trempealeau County oppga 410 personar (eller 3,8 %) at dei enno snakka norsk heime, medan talet var 480 (eller 5,1 %) i Vernon County. Det er

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

rimeleg å tru at desse individua var relativt gamle i år 2000, slik at talet venteleg er mykje lågare i dag.

Blair og Coon Valley/Westby er gamle jordbruksstamfunn, og dei fleste nordmennene som kom hit, prøvde primært å vidareføre den livsførsla dei kjende heimafrå: ein levde av jorda og var omgjeven av andre som ein kunne snakke morsmålet sitt med. Mange av dei norske busetjingane var dominerte av innvandrarar frå ein avgrensa region i gamlelandet, der dei første pionerane gjerne trekte til seg slekt og kjentfolk frå det same området i Noreg, og slik kom desse til å prege denne busetjinga. Dermed finn vi busetjingar med dominans frå relativt små område i Noreg, som til dømes Sogn, Voss, Gudbrandsdalen, Valdres, Telemark, Stjørdalen og Singsås, der det primært var dei respektive dialektane frå gamlelandet som vart brukte og som dominerte over lengre tid.

Når det gjeld busetjinga i Coon Valley/Westby, var ho klart dominert av immigrantar frå Gudbrandsdalen og områda omkring Mjøsa. Slik var det òg for Blair, der ein for ein stor del fann immigrantar frå Solør-området (Haugen 1953: 610–13). Då Einar Haugen besøkte desse to områda først på 1940-talet, fann han at sjølv den yngre generasjonen gjerne og ofte snakka norsk (*ibid.*). Dermed er det kanskje ikkje så rart at ein nettopp her framleis kan finne folk som enno snakkar norsk.

Dei eldste opptaka vi undersøkjer for denne studien, er Haugens opp tak frå tidleg på 1940-talet. Desse opptaka er utgangspunktet for det berømte verket hans *The Norwegian Language in America. A Study in Bilingual Behavior*. Feltarbeidet han gjorde i Coon Valley og i Westby i 1942, resulterte i totalt seks timer opptak av til saman 26 informantar. Den eldste informanten var fødd i 1849, den yngste i 1911. Snittalderen var 67 år. Åtte av informantane var fødde i Noreg, resten i USA. Dei fleste snakka ein austnorsk dialekt; Gudbrandsdalen og Biri-området var sterkt representert.

Haugen besøkte også Blair i 1942; her fekk han til saman fire og ei halv time opptak av i alt 27 informantar. I dette samfunnet var det som nemnd Solør-dialekten som var den dominerande; 19 av informantane snakka dette talemålet. Her var snittalderen 46 år med yngste informant fødd i 1927, den eldste i 1873. Tre av informantane var fødde i Noreg, resten var andre- og tredjegenerasjons immigrantar.

Det tredje datasettet vi skal sjå på, vart samla inn i Coon Valley/Westby av Arnstein Hjelde i 1992. Det består av om lag 80 timer opptak med 60 informantar fødde mellom 1905 og 1932. Alle (med eitt unntak)



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

var fødde i USA, og storparten var tredjegenerasjons immigrantar. Dessverre har vi ingen opptak frå Blair i 1992 som vi kunne ha brukt til å sammanlikne direkte med Haugen sine opptak herifrå.

Dei to siste datasetta vi skal diskutere, vart samla inn i 2010. Det eine er om lag ti timer opptak utført av Arnstein Hjelde i Coon Valley/Westby-området. Dette feltarbeidet fokuserte særleg på å dokumentere språket til den yngste generasjonen norskspråklege, dei som var fødde omkring andre verdskriga eller litt seinare (den yngste var fødd i 1961). Det andre datasettet vart samla inn i Blair, til dels i regi av prosjektet NorAmDiaSyn, og til dels av Kristin Melum Eide. Dette siste datasettet inneholdt nokre spesielt interessante data for oss som ser etter forholdet mellom V2 og verbmorfologi, og vi skal såleis diskutere denne empirien grundig i del 9 nedanfor.

7 V2 og verbmorfologi på 1940-talet

Ut frå måten lånverb frå engelsk vart integrerte i amerikanorsk på, er det rimeleg å gå ut frå at første klasse av svake verb, den såkalla *kaste*-klassa, var den dominerande produktive bøyingsklassa heilt frå byrjinga. Dette blir øg bekrefta av observasjonar og materiale samla inn omkring 1900 av Flom og Flaten. Haugen (1953) peikar på at 93 % av alle innlånte verb vart bøygde etter dette paradigmet; resten vart bøygde analogt med andre verbklassar mykje på grunn av fonologisk form eller trekk som skapte assosiasjonar med alt eksisterande norske verb. Når Haugen (1953) diskuterer det typiske verbparadigmet til lånverb (her viser vi eksemplet *kleime*, ei tilpassa form av det engelske verbet *claim*), nyttar han paradigmet i standard nynorsk. Her ser vi at distinksjonen ±finit finst i ikkje-fortidsformene (infinitiv *kleim* 'a mot presensforma *kleim* 'ar), men ikkje i fortidsformene: Her er preteritumsforma *kleim* 'a identisk med perfektum partisipp *kleim* 'a; sjå tabell 10.

(10)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum: <i>kleim</i> 'a (/e)	Partisipp: <i>kleim</i> '-a (/e)
-Fortid	Presens: <i>kleim</i> 'ar (/a, /er)	Infinitiv: <i>kleim</i> '-a (/e, /o)

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Paradigmet for denne verbklassa varierer sterkt i dei ulike talemåla i Noreg, sjølv om det gjerne er slik at preteritum og partisipp har same form. I parentesane har vi nokre eksempel på vanlege bøyingsendingar som Haugen attesterte i norskamerikanske talemål, og Haugens generaliseringar var meinte å gjelde for flest muleg av dei relevante dialektane. Ettersom Haugens prosjekt var å gjere greie for konsekvensar av språkkontakt mellom norsk og engelsk, var dette paradigmet fullt brukande for han; han hadde ikkje noko mål om å studere ulikskapane mellom dei forskjellige norskamerikanske talemåla.

For oss er dette annleis. I vårt prosjekt er det meir interessant med dei forskjellige endingane, derfor har vi også gått igjennom Haugens opptak for å verifisere kva slags system som faktisk eksisterer i dei relevante talemåla. Resultatet av desse undersøkingane viste at dialektene i Coon Valley/Westby brukte to konkurrerande paradigme for *kaste*-klassa. Dei fleste av Haugens informantar på 1940-talet hadde som nemnt ein austnorsk bakgrunn, mange frå området rundt Mjøsa og sør i Gudbrandsdalen. I dette området finn vi dialektale ulikskapar for første klasse svake verb.¹¹

I det “sørlege” systemet, som altså stammar frå området sør for Biri, er finittdistinksjonen lett synleg i ikkje-fortidsformene (infinitiv *kleime* mot presens *kleimer*). Derimot er tempusdistinksjonen ±fortid delvis nøytralisiert i paradigmet for den mest produktive klassa, dvs. i dei ikkje-finitte formene (infinitiv *kleime* mot perfektum partisipp *kleime*), men altså ikkje for dei finitte formene (preteritum *kleime* er forskjellig frå presens *kleimer*); sjå tabell 11:

(11)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum: <i>kleim</i> '-e	Partisipp: <i>kleim</i> '-e
-Fortid	Presens: <i>kleim</i> '-er	Infinitiv: <i>kleim</i> '-e

- I denne framstillinga følgjer vi i Haugens tradisjon og idealiserer og transkriberer på same måte som han gjorde. Såleis bruker vi länverbet *kleime* som eksempel gjennom heile paradigmet, sjølv om vi ikkje alltid har attestert alle formene av det relevante verbet i alle talemåla og datasetta. Samstundes har vi robuste data som attesterer alle dei bøyingsendingane vi viser, og dermed vel vi å rekonstruere den relevante forma med det same verbet i heile skjemaet, sjølv om akkurat dette verbet ikkje alltid opptrer i akkurat denne forma i datasettet.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

I det “nordlege” systemet, som er det mest utbreidde systemet i dialektane i Gudbrandsdalen, er finittdistinksjonen nøytralisiert både i fortidsformene og ikkje-fortidsformene. Legg òg merke til at dette systemet (12) speglar systemet vi finn i moderne engelsk (samanlikn med paradigmet i (7b)), der finittdistinksjonen er fråverande i det produktive paradigmet for hovudverb.

(12)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum: <i>kleim</i> '-a	Partisipp: <i>kleim</i> '-a
-Fortid	Presens: <i>kleim</i> '-e	Infinitiv: <i>kleim</i> '-e

I opptaka til Haugen finn vi begge paradigma (sjå tabell 11 og 12) i bruk, men vi bit oss merke i at det finst endringar som kan tolkast som at dei to systema fell saman til eitt. Somme informantar som ein ut frå opphav i Noreg skulle vente ville bruke det sørlege systemet (tabell 11), viser tendensar til å bruke -a i staden for -e som bøyning i fortid. Ein og same informant kan nytte både forma *fiske* og forma *fiska* som preteritumsform (når han heilt klart talar om fortida). Ein annan informant viser ein annan tendens som kan tolkast som at -e blir bruka på norske verb, medan -a blir bruka på lånverba: Ho bruker [²kaste] og [²rækne] som fortidsformer, og samstundes fortidsformene [²tsu:sa] av engelsk *choose* and [²saɪsa] av engelsk *size* (ta mål av – særleg om sortering av tobakksblad); sjå Hjelde (2015). Dataa er for begrensa til å trekke klare konklusjonar; det kan vere tilfeldig intra-individuell variasjon eller eit faktisk attomliggende system.

For dei informantane som nytta -a i staden for den venta -e på fortidsformene i eit system som elles er det sørlege systemet (sjå tabell 11), skal vi merke oss at distinksjonen ±fortid i alle fall for nokre verb faktisk blir forsterka, i og med at fortidsforma *kleima* no blir ulik infinitivsforma *kleime*.¹²

Nokre av dei informantane som brukar det “nordlege” systemet, er tru mot paradigmet i tabell (12), medan andre i ein del tilfelle introduserer endinga -er i presensforma. Gjennom dette blir finittdistinksjonen faktisk

12. Eksempel på andre relevante lånverb som er attestert i materialet, er [²stupa] av engelsk *stop*, [³hunta]/[³hunte] av *hunt*, i tillegg til [²kæfja] / [²kæfse], av engelsk *catch*.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

innført i eit paradigme som originalt ikkje hadde han. Ein kan sjå dette paradigmet som eit kompromiss-paradigme for heile dette språksamfunnet, der trekk frå både det nordlege og det sørlege systemet har fått plass.¹³

(13)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum: <i>kleim</i> '-a	Partisipp: <i>kleim</i> '-a
-Fortid	Presens: <i>kleim</i> '-er	Infinitiv: <i>kleim</i> '-e

I Blair, det andre språksamfunnet vi undersøkjer i denne studien, er det mest brukte systemet ganske likt det “sørlege” (sjå tabell 11) og samsvarer med den norske dialekten i Solør, der dei fleste informantane har familibakgrunnen sin. Her finn vi såleis endinga -e i alle cellene i paradigmet bortsett frå -er i presens. Det er likevel eksempel i opptaka på at nokre av informantane i dette området også hadde eit system som heller liknar på det vi her kallar det “nordlege”, med -a som bøyning i fortidsformene og -e i ikkje-fortsidsformene. Dette er uventa når vi ser på kor desse folka rapporterer å ha røtene sine i Noreg. Vi har ikkje klart å finne robuste tal for å kvantifisere prosentvis over innslaga av bøyingane -e, -a og -er i Haugen sine data; opptaka er gamle og ofte utydelege, og ein kan ikkje vere hundre prosent sikker på den delen av materialet som er transkribert, heller. Likevel finn vi eit overordna bilet som er nokså klårt: Det er to konkurrerande, men relativt stabile paradigme i bruk, i all hovudsak bestemt av dialektbakgrunnen til informanten eller meir generelt, det næreste språksamfunnet. Vi finn òg ein tendens til overgang til kompromiss-paradigmet i tabell (13), og ein kan lett sjå dette som ein type dialektinvellering (sjå elles Hjelde 2015 for detaljane i denne argumensasjonssrekka).

Når vi ser etter Haugens kommentarar om topikalisering og V2, finn vi at Haugen knapt kommenterer syntaksen til amerikanorsken i det heile, og han seier såleis heller ikkje noko spesifikt om verbplasseringa.

13. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at skriftspråkspåverknad frå dansk-norsk kan ha spela ein rolle; konfirmantundervisinga var på norsk, og det fanst norske aviser og teikneseriar.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

I *The Norwegian Language in America* (Haugen 1953: 457), finn vi eit kort avsnitt kalla *Syntax* der han seier følgjande:

N[orwegian] word order is similar to E[nglish], and offers no serious problems in the adaption of [loanwords]. Each [loanword] was used in a N[orwegian] sentence in the position to which its word class entitled it. N[orwegian] has the same kind of propositional and adverbial constructions as E[nglish], and the same order of modifiers before nouns. It was thus natural for Am[erica-]N[orwegian] to import phrases consisting wholly or partly of E[nglish] [loanwords], more or less completely adapted.

Isolert sett kan dette framstå som ein litt merkeleg påstand; det finst ganske mange syntaktiske ulikskapar mellom desse to språka, forskjellar som òg burde vere relevante i spørsmål om språkkontakt. Når ein les dette i kontekst, derimot, blir det klart at Haugens påstand her handlar berre om dei syntaktiske eigenskapane til dei leksikalske elementa og frasane som vart lånte inn frå engelsk til norsk. Han seier altså ikkje noko her om syntaksen og kva trekk ved denne som kunne bli påverka i språkkontakt. Kan hende såg han ikkje dette spørsmålet som interessant eller relevant, men det kan òg tolkast som at syntaktisk påverknad på setningsnivå (som V2-ordstilling) rett og slett ikkje fanst på denne tida.

På den andre sida har vi andre vitnemål frå Haugens tid som tyder på at V2 faktisk var påverka av språkkontakten. I 1931 reiste dei to språkforskarane Didrik Arup Seip og Ernst W. Selmer til Midtvesten for å gjere feltarbeid og å dokumentere det norske språket der. Då dei møtte pressa etterpå, hadde dei følgjande å rapportere (kjelda er *Nordisk Tidende*, 3. desember 1931):

Dr. Selmer mener at de mest almindelig forekommende feil i det norske sprog blandt folk som har været länge i Amerika er dette at adverbet sættes foran verbet som f. eks i en sætning som "Jeg just saa ham for litt siden" istedetfor "Jeg saa ham just ..."

Om vi no vel å tru at "Doktor Selmer" er rett referert, tyder denne utsegna på at V2 allereie på dette tidspunktet tok til å bli (eller allereie var) ustabilt og gav opphav til V3-strukturar som *Jeg just saa ham*. Om dette stemmer, er det meir overraskande at Haugen aldri kommenterte slike V2-brot eller nemnde med eitt ord at dei fanst i amerikanorsken, trass i at han elles hadde mest fokus på vokabularet. Derfor kunne vi ikkje ta

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Selmers påstand for god fisk, vi måtte gå igjennom Haugens opptak fra Blair og Coon Valley/Westby på jakt etter V2-brot. Og vi fann ikkje noko som kunne underbyggje Selmers påstand. Vi fann ikkje eit einaste døme på brot på subjektsinitial V2, og vi fann berre tre mulege brot på topikaliserings-V2. I opptaka frå Coon Valley/Westby fann vi eitt muleg brot dokumentert i opptaket av ein førstegenerasjons immigrant frå Romsdalen (sjå 14a). I opptaka frå Blair fann vi to slike V2-brot, begge i samband med topikalisering av eit adverbial (sjå 14bc).

- (14) a. En syndagsmårå e skull gå åt kjørkja, e *kom* nedpå bruia...
 b. Før det meste dem *bruker* å ha juletre.
 c. Ja, da dem *bli* jifte.

Liknande V2-brot kan ein òg komme over i ulike korpus over europeansk, og det synest ikkje rimeleg at ein skal stille strengare krav til amerikanorsken enn til europanorsken med omsyn til kor ein sett grensa for at V2 framleis er på plass. Difor konkluderer vi med at V2-regelen var intakt og robust i amerikanorsken på Haugen si tid, og den diskrepansen vi finn mellom Haugens materiale og Selmer sin observasjon, får oss til å lure på om Selmer sine utsegner kanskje ikkje er heilt rett attgjevne. Ei anna muleg forklaring på denne diskrepansen er at mange av informantane til Seip og Selmer var ungdomsskoleelevar frå Minneapolis. Det er naturleg å tenkje seg at desse levde i eit mykje meir tospråkleg samfunn som var ganske forskjellig frå dei gamle og stabile norskspråklege busetjingane på bondelandet i Wisconsin. I eit slikt urbant tospråkleg norsk-engelsk språksamfunn kunne det godt vere heilt annleis stelt med V2-regelen.

8 V2 og verbmorfologi på 1990-talet

Frå 1990-talet har vi eit større materiale samla inn frå Coon Valley/Westby-området, men ingenting frå Blair. Dette er sjølv sagt ikkje heldig, men det materialet vi har, gir oss likevel ein heil del informasjon om mulege endringar i V2 og verbmorfologi i eit liknande norskamerikansk språksamfunn på den amerikanske bygda.

Vi har gått igjennom og ekspervert relevant data frå om lag 80 % av dette opptaksmaterialet, og ut frå dette kan vi sjå at det store fleirtalet av



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

lánverba (94 %) er klassifiserte som første klasse svake verb, den såkalla *kaste*-klassa, eller *a*-verba. Dette syner ein markant stabilitet om ein samanliknar med dei 93 % i Haugens materiale. Det stemmer òg overeins med dei 94 % vi fann i materialet frå amerikatrøndsk som var samla inn av Arnstein Hjelde i 1987 (publisert i Hjelde 1992). Samstundes kan vi observere ei interessant utvikling i Coon Valley/Westby-materialet når det gjeld paradigmet for *a*-verba, når ein samanliknar med 1940-talet. Medan Haugens materiale kan tyde på ei spreieing av *-er* som bøyingsending i presens, noko som kan tolkast som ein tendens til ei forsterking av finittdistinksjonen, finn vi no berre få og einskilde døme på *-er* for presens i 1990-materialet (av 175 innlånte *a*-verb er berre 11 dokumenterte med endinga *-er* i presens). Dermed ser det ut til at det nordlege systemet frå Gudbrandsdalen har vunne terrenget. Dette kan ein sjå som ein koiniseringsprosess (sjå Hjelde, 2012, 2015); ein prosess som òg kan involvere innlån av strukturelle trekk mellom dialektar i ein region. Matras (2009: 237) seier det slik:

[W]e might view the replication of patterns as a kind of compromise strategy that [...] reduce[s] the load on the selection [...] mechanism by allowing patterns to converge, thus maximizing the efficiency of speech production in a bilingual situation.

På same tid er endinga *-a* framleis det dominerande i fortidsformene; av 192 innlånte *a*-verb i materialet fann vi berre 11 som kunne ha *-e* som fortidsending. Det ser ut til at endinga *-e* er meir frekvent hos informantar som vaks opp i Coon Valley/Westby, men som flytta til nærmeste by, La Crosse, i ung alder og slik meir mista kontakten med det norskamerikanske språksamfunnet sitt. Det dominerande systemet er det som er illustrert i tabell (12), der finittdistinksjonen er forsvunnen mens distinksjonen \pm fortid er til stades og klart produktiv.

Om vi no ser på V2-regelen, finn vi at denne framleis er robust også på 1990-talet, men vi kan observere teikn på at han no er litt på glid. Vi finn fleire eksempel på V2-brot i topikaliserings-V2. Merk at desse eksempla også inkluderer *så*-konstruksjonen vi nemnde i del 2 (sjå t.d. (3e)), der standard norsk har det finitte verbet rett etter partikkelen *så* i slike strukturar (gjerne kalla “laust forfelt”); sjå Eide og Sollid (2007) og Sollid og Eide (2007).

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

- (15) a. Same å som hegne så du *får* hjelp med ein gong (sml. så *får* du...).
- b. Og no ungan *krabbe* på bordet (sml. no *krabbe* ungan...).
- c. På Sons of Norway i La Crosse så døm *har* program (sml. så *har* døm program).
- d. I Nårge døm *avle* itte følt mykje mais (sml. i Noreg *avle* døm itte...).
- e. Skal du lære norsk, du *må* tale det nesten här dag (sml. ...*må* du tale det...)
- f. I Texas det *e* digert alt (sml. I Texas *e* det digert alt).

Likevel er det rimeleg å seie at det er langt mellom V2-brota også på 1990-talet, dei opptrer i snitt sjeldnare enn ein gong per time med opptak. Dermed kan ein heller ikkje i denne perioden snakke om noko fundamental endring i setningsstrukturen i amerikanorsken i dette samfunnet.

9 V2 og verbmorfologi i 2010-materialet

Det nyaste materialet vi bruker i denne studien, var samla inn i 2010 av forskrarar knytt til NorAmDiaSyn-prosjektet i Blair, av Kristin Melum Eide i Blair og av Arnstein Hjelde i Coon Valley/Westby.¹⁴ Hjeldes materiale omfattar om lag ti timer med lydopptak av informantar frå den yngste generasjonen som snakkar amerikanorsk, folk fødde omkring andre verdskriga eller seinare. Frå Blair bruker vi to video-opptak av samtalar mellom til saman fire informantar (NorAmDiaSyn) og to lydopptak av ein og same informant (samla inn av Eide). Desse to siste opptaka er av ein informant vi kallar Lena, som viste seg å vere særleg interessant for vår studie.

Ser vi på länverba i dette materialet, finn vi at første klasse svake verb (*a*-verba eller *kaste*-klassa) også her er den produktive klassa. Ni av ti länverb blir bøygde i tråd med denne klassa, noko som stemmer bra med resultata våre frå 1940-talet og 1990-talet. Dei yngre språkbrukarane i Coon Valley/Westby har det “nordlege” paradigmet som òg var domi-

14. Begge forfattarane deltok i dette feltarbeidet som medlemmar av NorAmDiaSyn-prosjektet under leiing av Professor Janne Bondi Johannessen (UiO). Når vi refererer til opptak samla inn av dette prosjektet, siktar vi til data som vart samla inn av andre deltakarar i dette feltarbeidet.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

nerande på 1990-talet (sjå tabell 12, attgjeve her som tabell 16), og dermed eit system der finittdistinksjonen, \pm finitt, ikkje lenger er til stades i det produktive paradigmet.

(16)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum: <i>kleim</i> '-a	Partisipp: <i>kleim</i> '-a
-Fortid	Presens: <i>kleim</i> '-e	Infinitiv: <i>kleim</i> '-e

I Blair, der den dominerande dialekten er Solør-dialekten, som tradisjonelt har halde på finittdistinksjonen med bøyingsendinga -er i presens (i opposisjon til infinitiven på -e) (jf. 11), observerer vi no eit system som liknar på det vi finn i Coon Valley/Westby, som ikkje har denne distinksjonen. Det er såleis klart at det er eit system utan finittdistinksjonen som spreier seg i desse varietetane.

Informantane vi hentar frå NorAmDiaSyn-materialet (seinare kalla CANS: Corpus of America-Norwegian Speech), viser generelt lite stabilitet i verbbøyninga si. Somme tider følgjer dei Solør-systemet med distinksjonen \pm finitt; andre gonger brukar dei paradigmet i (16). Som i materialet frå Coon Valley/Westby synest det vanskeleg å skulle gi ei sociolinguistisk forklaring på kvifor det eine systemet vinn fram framfor det andre. Det som for oss står fram som den mest plausible forklaringa, er at det systemet som kjem til å dominere i desse norsk-engelske kontaktvarietetane, speglar det produktive verbparadigmet for engelske huvudverb (sml. med (7b); sjå òg fotnote 7 ovanfor).

Ei anna potensiell forklaring er at paradigmet i (16) er det enklaste, i den forstand at det har færre distinksjonar. Dette føyer seg etter det Benmamoun m.fl. (2013: 169) hevdar, at nedarvingsspråk (i diasporaen) typisk blir formelt enklare samanlikna med språket snakka i heimlandet (sjå meir om dette i del 10). Her skjeler vi òg til McWhorter (2007), ein monografi som hevdar at all merkbar strukturell forenkling i eit språk (når ein samanliknar med andre nærskyldne språk) kan førast attende til språkkontakt. Eit stort innslag av tospråklegheit i eit samfunn, der ein stor del ikkje heilt meistrar minst eitt av språka, fører til ei form for overføring av morsmålet frå ein generasjon til den neste som er mindre enn optimal, mellom anna på grunn av for lite, for enkel, og ikkje heilt riktig

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

innputt frå foreldregenerasjonen. Dette kan føre til at enkelte distinksjonar opptrer for sjeldan i innputten og dermed ikkje vert realiserte i den nye generasjonen sin grammatikk. Merk òg at denne forklaringa ikkje ekskluderer den førre, der verbparadigmet i engelsk spelar ein viktig rolle; det kan lett tenkast at begge kretene spelar inn.

Om vi no ser etter V2-brot i dette materialet, finn vi at V2-regelen framleis er ganske robust både i Coon Valley/Westby og i Blair, og vi finn ikkje mange teikn i 2010-materialet som tyder på at V2-maskineriet har vorte ustabilt. Dei fleste informantane viser at dei bruker denne strukturen, og eksempla i (17), frå ein mannleg informant frå Blair, er representative. V2 er stort sett på plass (17ab), og det førekjem berre ein skilde eksempel på V2-brot (17c).

- (17) a. Ja, å da *likte* dem itte kattlikken.
b. (Snakkar om fly, som han ikkje likar): Går opp, går opp, da *er*
det all right, men gå, komme ned ...
c. Nå je *fløtte* nerri her, kjinner alle her, veit du.

I materialet frå 2010 finn vi likevel svært stor individuell variasjon med omsyn til denne ordstillinga. Informanten vi her kallar "Lena", er ikkje veldig typisk, men ho er likevel svært interessant for oss, fordi språket hennar kan tyde på at for denne informanten har V2-maskineriet rett og slett brote saman.

9.1 Verbmorfologien hos informanten Lena

Lena fortel gjerne om då ho vann konkurransen om å ete flest muleg rå egg på kortast muleg tid (ho var det ho kalla "egg eating champion" i to år på rad, og det utan å få salmonella!). Ho vart fødd i 1929 i Blair-området, og ho er tredjegenerasjons immigrant; besteforeldra hennar utvandra frå Solør. Lena vaks opp i det norskamerikanarane kallar "Teppendalen" (Tappen Coulee) like utanfor Blair, men levde seinare mesteparten av livet sitt borte frå Blair-området, og ho mista tidleg kontakten med dette lokale språksamfunnet. På den andre sida held ho kontakten med gammelandet og brukar gjerne og ofte norsk når ho korresponderer med dei norske slektingane via telefon og e-post. Dette gjer henne til ein på mange måtar atypisk norskamerikanar i det at ho alltid har europanorsken som eit levande korrektiv, noko som særleg viser seg gjennom at ho

unngår å bruke engelske lånord som elles er særskilt frekvente og typiske for norskamerikanarane i Midtvesten.

At Lena kanskje ikkje er heilt typisk, er heilt klart eit problem for undersøkinga vår, ettersom vi brukar lånverb som testgrunn for det produktive paradigmet i dei einskilde varietetane, og vi har ikkje dokumentert slike i språket til Lena. Dermed må vi berre gå ut frå at ho ville klassifisere desse slik som resten av språksamfunnet hennar gjer, som første klasse svake verb (også kalla a-verb eller *kaste-klassa*). Ho har sjølv sagt “heimenorske” verb frå denne klassa sjølv om ho ikkje har lånverb, og desse syner klart at ho har det verbparadigmet som er mest utbreidd hos andre norskamerikanarar i dette området.

(18)

	+Finitt	-Finitt
+Fortid	Preteritum: <i>kleim</i> '-e	Partisipp: <i>kleim</i> '-e
-Fortid	Presens: <i>kleim</i> '-e/ <i>kleim</i> '-er	Infinitiv: <i>kleim</i> '-e

Her finn vi to konkurrerande system sjølv på det individuelle nivået. Resultatet er at både -e og i ein viss mon -er er endingar i presens. I nokre tilfelle ser variasjonen ut til å vere fonologisk styrt; i andre tilfelle står variasjonen berre fram som arbitrær. Både i språksamfunnet generelt og i Lenas data finn vi eksempel på at eitt og same verbet blir brukt med begge endingane, noko vi hos Lena finn i døme som:

- (19) a. *Liker* du lefse og lutefisk?
b. Nei, je *like* itte gamal... Je *liker* itte gamalost.
c. Nei, det *lufte* så sterkt/stekkt.

Hos Lena har vi berre dokumentert -e i fortidsformene, i tråd med den tradisjonelle solørdfialekten, og ikkje endinga -a, som vi finn i mange andre norske dialektar. Dette fører til at Lena viser ein sterkt tendens mot eit system der både finittdistinksjonen og fortidsdistinksjonen er nøytraliserte, i og med at ho stort sett brukar endinga -e til alle fire cellene i paradigmet. Merk særskilt at ho i liten grad brukar -er i presens, noko

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

som elles held finittdistinksjonen oppe i mange andre dialekter (inkludert solør-dialekten).

Dette kunne vi sjølv sagt forklare som samanfall og synkretisme spesifikt for a-verba i Lenas varietet. Slikt tilfeldig samanfall for enkelte verb og verbklassar ville ikkje forhindre at finittdistinksjonen kunne vere til stades for andre verb i Lenas norske grammatikk. Men det finst òg ganske robust evidens for at Lena faktisk har store problem med å halde finitte og ikkje-finitte former frå kvarandre også i andre verbklasser. Ho vaklar i mange tilfelle mellom ulike former av finitte verb, og enda meir interessant for oss, ho ser ut til å blande i hop finitte og ikkje-finitte former av verbet:

- (20) a. ... en tram der du *går* og *sjå* alt over (sml. går og ser).
 b. *FåR sjå* nå ... (sml. Få sjå nå ...)¹⁵
 c. Du, du *vært* gift? (Sml. Har du vært gift/Vart du gift?)

9.2 *Lena og topikalisering; overforbruk – underforbruk; V2 og V2-brot*

9.2.1 Monologen

Vi har to opptak av Lena. Eit første er ein kort monolog (om lag fire minutt) der ho ønskjer deltakarane på feltarbeidet til NorAmDiaSyn hjarteleg velkomne. Det er rimeleg å tru at monologen er planlagd og til ein viss grad innøvd. Det andre opptaket er eit opptak på 20 minutt der Lena snakkar med ein annan norskamerikanar frå Blair.

Monologen innehold fire setningsfragment og 43 deklarative hovudsetningar; om lag halvparten har SVO-struktur (altså med subjektet først). Den andre halvparten (21 setningar) er topikaliseringsstrukturar, altså slike som utløyser topikaliserings-V2 i vanleg europanorsk. (21ab) illustrerer topikaliseringsstrukturar med V2 som Lena produserte.

- (21) a. Og da *ska* vi ta en liten tur ut tå bin.
 b. Nå *går* vi ferbi hår je vaks opp.

15. Her er det heilt klart at det er *fåR* og ikkje *få* som blir sagt (med ein klar amerikansk -R). I (20c), derimot, kan ein hevde at vokalkvaliteten gjer det vanskeleg å avgjere om det er *vart* som er meint. Slike problemstillingar er heile tida til stades når ein lyttar på lydopptak, og ikkje minst hos informantar som klart blandar lydlege trekk frå to språk.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

Som nemnd i del 3 er det vanleg i (skriftleg og munnleg) europanorsk at om lag ein tredjedel av deklarative hovudsetningar har eit ikkje-subjekt først. I Lenas monolog finn vi at rundt halvparten av desse setningane er topikaliseringstrukturar. Det ser dermed ut til at Lena relativt sett bruker denne strukturen meir enn nordmenn i "Gamlelandet" gjer. Ein kan lett tenkje seg at Lena meir eller mindre bevisst har bite seg merke i dette trekket, og at det for henne står fram som veldig norsk. Derfor bruker ho dette i uvanleg stor grad i talen sin i eit forsøk på å høyrast så norsk ut som muleg.¹⁶

Når det gjeld ordstillinga i desse topikaliserings-konstruksjonane, finn vi at 8/21 eksempel har V2 slik som i europanorsk. Men vi finn også mange V2-brot; faktisk er V2-brota meir frekvente enn konstruksjonar med forventa inversjon, heile 62 % (13/21) av topikaliseringane til Lena bryt med V2-regelen. Typiske eksempel viser vi i (22); ein vanleg struktur der ho ofte har V2-brot, er forfelta +subjektspronomen + finit verb.

- (22) a. Og så da i attenhundreogeinognitti vi *hadde* ein fin bin (byen).
b. Og je trur kanskji i hele Amerika, kanskji i Nårgå å, vi *hadde* diphteria.
c. Og der dem *lager* vin.

9.2.2 Dialogen

I dialogen snakkar Lena med ein eldre mannleg informant frå Blair. Dei snakkar norsk på om lag same nivå, altså omtrent like flytande og med om lag like avansert ordtilfang. I dette segmentet produserer Lena 170 setningar (i tillegg til mange utbrot og setningsfragment). Vi fokuserer på dei deklarative hovudsetningane her, og vi fann 115 slike i Lena sitt bidrag til dialogen.¹⁷ 98 av dei (85 %) er SVO-strukturar og 17 (15 %) er topikaliseringar.¹⁸ 23 av dei subjektinitiale setningane (SVO) inneholder

16. Lynch (2003) diskuterer om frekvensen til ein struktur òg kan lånast inn frå eitt språk til eit anna. Han diskuterer t.d. postverbale vs. preverbale subjekt i romanske språk, der intransitive verb tillåt begge rekjkjefølgjene. Sjølv om begge strukturane slik er grammatikalske i spansk, vil talarar av spansk som nedarvingsspråk typisk bruke postverbale subjekt med ein lègre frekvens enn talarar av spansk i opphavslandet.
17. Resten av Lenas setningar i dialogen er 21 fragment (to med overinversjon i undersettning), 7 kv-spørjesetningar (som alle hadde rett inversjon), og 25 ja-/nei-spørsmål (V1-strukturar).
18. Elleve av desse hadde strukturen topik + finit verb; to hadde topik + så + finit

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

negasjon eller setningsadverbial, slik at vi kunne diagnostisere eventuelle V2-brot i subjekt-initial V₂.

Først og fremst er skilnaden i topikalisering i dialogen og monologen svært påfallande; talet på topikaliseringar er så veldig mykje lægre i dialogen enn i monologen. Dette ser vi gjennom at medan 49 % av deklarativane har topikalisering i monologen, er det tilsvarende talet 15 % i dialogen, mot vanlegvis 30–35 % i europanorsk (skriftlege og munnlege korpora). Dette er kanskje ikkje så overraskande som ein først skulle tru. Det er vanleg i andrespråk og i språkkontaktsamfunn at ein struktur kan bli brukt langt meir eller langt mindre i denne varieteteten enn i standardvarieteteten. Det er som sagt rimeleg å tru at Lena har skrive ned og kanskje øvd inn monologen, og brukar mykje topikalisering her fordi ho på eit metalingvistisk nivå har kjent att dette som ein distinktivt norsk setningsstruktur. Dialogen, på den andre sida, tillèt ikkje den typen aktiv monitorering av talen, og dermed blir talet på topikaliseringar meir i tråd med det Lena ville ha brukta i det dominante språket sitt, engelsk. Dette blir ein spekulasjon, ettersom vi ikkje har eit korpus over Lenas engelsk å samanlikne med. Vi har heller ikkje funne noko mål på kor vanleg topikalisering er i engelsk generelt sett. Derimot veit vi frå kontrastive lærebøker i engelsk for nordmenn at topikalisering (eller “fronting”) er mykje mindre frekvent i engelske deklarative hovudsetningar enn det er i dei tilsvarende norske. Slik blir dette fenomenet til dømes omtalt i Haselgård, Lysvåg og Johansson (2012: 290):

In main clauses of declarative sentences, fronting is an infrequent option in English compared with Norwegian. In Norwegian, elements are characteristically placed in initial position for the purposes of cohesion, i.e. the sentences open with given information [...]. Fronting in English, on the other hand, often carries some special effect above and beyond facilitating cohesion.

Om vi så ser på ordstillinga i Lena sine topikaliserte strukturar, hugsar vi at topikaliseringane i monologen inneheldt 62 % V₂-brot. Det er dermed interessant å merke seg at Lena berre har fire brot på V₂ i dei 17 topikaliseringane ho produserer i dialogen på video-opptaket. Dette verkar

verb. Det var ein så-konstruksjon med V₂-brot (topik + så + subject + finitt verb) og tre andre topikaliseringar med V₂-brot (topik + subjekt + finitt verb). Vi kjem tilbake til dette nedanfor.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

eigentleg ikkje intuitivt rett, for kvifor skulle ho meistre topikaliserings-V2 betre i her-og-no-produksjonen i dialogen enn i den mykje sterkare monitorerte (og kanskje innovde) talen? Når vi går inn i data, verkar det derimot ikkje like merkeleg. Då kan vi sjå at dei fleste av desse topikaliseringane eigentleg er faste uttrykk og vendingar (7/11 konstruksjonar med topik+finitt verb, sjå fn. 20). Ei slik vending, *Slikt går det*, dukkar opp i tre av desse sju gongene, og dei fire andre var òg vanlege uttrykk (typisk etterhengde diskursmarkørar som *veit du* og *trur je*), sjå 23.

- (23) a. Vi må gjera litt meir då det òg, *veit du*.
b. Det var tre og førsti, *trur je*.
c. Ja, det *kan* du sia.

Da står det att 4/11 topikaliseringar med rett inversjon som ikkje så lett kan kategoriseraast som faste uttrykk. Tre av desse har topikalisert adverbet *nå*, den fjerde *da*. Begge er veldig frekvente og veldig korte/lette adverb.

- (24) a. Og nå *har* dem ni (ny) vei ... ni (nye) gater i Blair, huh?
b. ... for da *reiste* je te høgskulen.

Vi observerer at tyngre topikaliserte ledd, som setningar eller komplekse fraser, utløyser V2-brot i Lenas her-og-no-produksjon, sjå t.d. (23). Ein kan merke seg at akkurat som ved V2-brota i monologen er subjektet her òg eit pronomen.¹⁹

- (25) a. Fyste gong vi hadde bisøk ifrå Nårge vi *var* på en tjørke oppi Taylor.
b. Å veit du, i dessa daga, lange gongen, det *var* ein sind om ein jinte gikk ut med ein gut ifrå andre kjørka.
c. Og så da neste år, fir-og-førsti, je *var* egg eating champion før to år!

19. Ein grunn til å påpeike at desse subjekta er pronomen, er observasjonar av brot på V2 i eldre steg av engelsk. Som nemnt i del 4 hadde engelsk òg ein type V2 fram til ut på 1400-talet, sjølv om subjektspronomen tydelegvis vart rekna som “unntak”, ettersom subjektspronomen, men ikkje andre subjektfraser, kunne opptre mellom eit topikalisert ledd og det finitte verbet.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Men det finst òg ein annan type V2, subjektsinitial V2, som syner seg til dømes i strukturen subjekt +finit verb +negasjon (sjå del 5). Og når vi ser på desse strukturane i Lenas V2, finn vi noko viktig å merke seg. Som nemnt over, inneheldt 23 av dei 98 subjektsinitiale deklarative setningane negasjon eller anna setningsadverbial, og det er derfor også muleg å sjå om verbet har flytta forbi negasjonen (eller adverbialet). Overraskande nok finn vi ikkje eit einaste V2-brot for denne typen flytting. For denne informanten er subjektsinitial V2 altså aldri utsett for V2-brot, om ein skal dømme etter dei dataa vi har. Vi gir eksempel i (26).

- (26) a. Å nei, du *kan* itte gå ut med en kattolikk.
b. Nei, dem *var* itte kokt, dem var ræ!
c. Je *fekk* itte salmonella, hell!
d. Nei, je *visste* (kjente) itte henner.

Til slutt viser vi òg nokre døme på deklarative hovudsetningar som inneholder andre setningsadverbial enn negasjon, her *kanskje* (sjå 27). Så vidt vi kan sjå, er desse brukta på ein måte som speglar både bruk og ordstilling i europanorsk, men det fortel oss i grunnen lite om verbflytting og mulige V2-brot. Som vi diskuterte i del 2, utløyser dette adverbet også i europeansk ulike typer av V2-brot (V3), særleg i dialektane (og i standard svensk).

- (27) a. Well, ja, kanskje døm må *gjera* det ...
b. Fer kanskje du *gjer* litt hvil en gong i blant, å?

9.2.3 Lena sin grammatikk, oppsummert

Vi vil argumentere for at vår tospråklege informant Lena har internalisert ein blandingsgrammatikk som syner trekk frå både norsk og engelsk. Slike teoriar om blandingsgrammatikkar eller konkurrerande lingvistiske system har vore brukte til å forklare variasjon innanfor eit språksamfunn, men òg variasjon på individnivå. Dei har dessutan vore trekta fram for å forklare endring frå eitt system til eit anna i historisk perspektiv, som språkleg endring, gjerne påverka av språkkontakt. Meir generelt vert slike teoriar også brukte for å forklare vaksne språkbrukarar si tileigning av eit andrespråk som er påverka av at dei allereie kan eit språk frå før (sjå t.d. Kroch og Taylor 1997, Roeper 1999, Yang 2003). Roeper sin teori om “fleire parallele grammatikkar” diskuterer spesifikt nedarvings-



språk som eit felt der ein modell med konkurrerande system kan syne seg spesielt nyttig (sjå Amaral og Roeper 2014: 29). Som støtte for nytten av ei slik tilnærming til nedarvingsspråk, språkkontakt og i beskrivinga av mellomspråk, dreg Amaral og Roeper fram diskusjonen i Kroll m.fl. (2012: 2) om korleis fleire språk heile tida kjempar om herredømet i ein tospråkleg hjerne:

There is compelling evidence that shows that it is virtually impossible to switch off the language not in use and that the parallel activation of a bilingual's two languages can be observed in reading, listening and planning speech [...]. Researchers found evidence that not only the L₂ is affected by L₁ during the initial and subsequent stages of acquisition, but that some L₁ forms converge towards the L₂ [...]. This interference of the L₂ in the L₁ has been found both in the lexicon [...] and in the grammar [.].

Dette inneber at det vil oppstå overføringer eller påverknad mellom grammatikkane, så lenge dei finst i same hjerne. Ein slik type påverknad kan vi lett observere i Lena sin grammatikk. Først og fremst bruker Lena i sin her-og-no-produksjon, altså i dialogen, topikaliseringsstrukturar mykje mindre frekvent enn nordmenn i Noreg gjer, om lag 15 % mot 30–40 %. Vi tolkar hennar reservasjon mot slike strukturar som påverknad frå den engelske grammatikken hennar. I den meir monitorerte og styrte talen brukar ho på den andre sida topikalisering mykje meir frekvent enn nordmenn i Noreg gjer (49 % mot 30–40 %). Dette kan ein sjå som hyperkorrekjon eller eit utslag av den typen overforbruk av ein konstruksjon som ein òg ofte kan sjå hos andrespråksbrukarar.

Det produktive verbboýingsparadigmet Lena bruker, syner ein heil del variasjon; ho brukar fleire ulike boýingsendingar og gjerne ulike endingar for t.d. presens for eitt og same verb. Slik variasjon er òg ganske typisk i språkkontakt og andrespråkskontekstar. Likevel, boýingsendingane i produksjonen hennar syner stort sett eit paradigme der finittdistinksjonen er fråverande, noko som dessutan speglar situasjonen i språksamfunnet rundt henne. Fortidsmarkeringane er også nesten ikkje-eksisterande, og det synest rimeleg å tru at Lena heller ikkje har denne distinksjonen til stades som ein produktiv kategori for verbboýinga si. Vi finn støtte for dette synet i Lena sin hang til å blande saman finitte og ikkje-finitte former når ho snakkar, og i samanblandinga av ulike finitte former (imperativ med presens, til dømes). Vi konkluderer difor med at denne informanten har eit boýingsparadigme heilt utan produktiv

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

finitt-distinksjon, og eit tilsvarende paradigm finn vi òg i det produktive systemet til engelske hovudverb, som nemnt i del 4. Når vi samanliknar det norske dialektale paradigm i tabell (16) med det engelske paradigm i (7b), finn vi at dei er heilt like, med same settet av produktive distinksjonar. Lenas mangel på finittdistinksjon har dermed støtte i det engelske produktive bøyingsparadigmet.

Vi hadde som hypotese at V2-regelen heng saman med eit verbbøyingsparadigme med ein produktiv finittdistinksjon (i det minste i den diakrone utviklinga av engelsk), og når vi no ser på Lena sin produksjon av V2-regelen, kan vi klart observere ein ustabil bruk for topikaliserings-V2. Vi finn ei rad med V2-brot i Lena sine topikaliseringer: 62 % V2-brot i topikaliseringane i monologen. Dermed kan vi seie at hypotesen vår om samanhengen mellom ein produktiv finittdistinksjon i verbbøyninga og bruken av V2 (slik denne samanhengen er framlagt i Eide 2009a, 2009b, 2012, 2016) i det minste for denne informanten er understøtta når det gjeld topikaliserings-V2. Lena har ingen produktiv finittdistinksjon, og topikaliseringane hennar har særslig ustabil V2-grammatikk.

Ser vi no på subjekt-initial V2, er biletet eit heilt anna. Lena har ikkje eit einaste V2-brot i denne typen struktur, og dette er for slåande til å stå ukomentert. Desse faktaa ser ut til å støtte hypotesen om at det finst (minst) to ulike typar av V2 der topikaliserings-V2 er strukturelt ulik subjektsinitial V2 (sjå del 5 og referansane siterte der). Dernest ser det ut til at hypotesen vår om samanhengen mellom verbbøyning og V2 treng å bli modifisert, ettersom subjektsinitial V2 ikkje er råka på same måten som topikaliserings-V2 er det, i det minste ikkje i Lena sin grammatikk.

Vi tenkjer oss at strukturen finitt verb + negasjon har ein spesiell status i amerikanorsk og tilsvarende kontaktsituasjonar fordi denne strukturen eksisterer i begge språka. Det betyr ikkje at dette setningsmönsteret må vere lånt inn frå engelsk til Lena sin norske grammatikk. Benmamoun, Montrul og Polinsky (2013a: 166) nemner fire mulege forklaringar på strukturen til eit nedarvingsspråk:

We identify four factors that may be relevant: differences in attainment (also referred to as incomplete acquisition), attrition over the life span, transfer from the dominant language, and incipient changes in parental/community input that get amplified in the heritage variety.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

Når det gjeld dei to første faktorane, utilstrekkeleg tileigning og språktap, kan vi ikkje seie noko handfast om desse, rett og slett fordi vi ikkje har data frå Lenas tidlegare produksjon. Om den fjerde faktoren, innputt frå foreldregenerasjonen, kan vi heller ikkje seie noko heilt bestemt ettersom vi ikkje har tilgang til data frå Lena sine foreldre og deira omgangskrins. Det vi derimot har, er Haugen sine opptak der verbparadigma synte ein produktiv finittdistinksjon, og V2-regelen var intakt for både topikaliserings-V2 og subjektsinitial V2 (dvs. verbflytting over negasjon). Difor synest ikkje “endringar i innputt” som ei overtydande forklaring.

Den vikande finittdistinksjonen i verbbøyingsparadigmet, talet på V2-brot i topikaliseringsstrukturar, fråværet av V2-brot i subjektsinitial V2 (dvs. flytting av finitt verb over negasjon), og preferansen for SVO-strukturar framfor topikalisering (85 % i her-og-no-produksjonen, samanlikna med ca. 60 % i europanorsk) - for oss peikar alt dette mot innlån (eller transfer) av strukturar frå det dominante språket engelsk til nedarvingsspråket amerikanorsk. Dette stemmer dessutan også med det Benmamoun, Montrul og Polinsky (2013a: 169) seier om engelsk som dominant språk i nedarvingssituasjonar:

In examining linguistic characteristics of heritage grammars, the first question that comes to mind is whether many of the “simplified characteristics” observed in the heritage languages could be due to transfer from the dominant language. For instance, the erosion of nominal and verbal inflectional morphology in Spanish and Russian heritage speakers may be linked to the fact that the contact language for most of the tested speakers is English, a language which lacks rich inflectional morphology on nouns and verbs. The same explanation may apply to the overuse of overt subjects and the loss of semantically based case in Spanish and Russian, as well as the preference for SVO over topicalization.

Om dette faktisk skulle vere innlån av syntaktisk struktur, er dette i realiteten eit teikn på eit døyande språk, meiner Winford (2003: 97):

We have suggested that syntactic structure very rarely, if ever, gets borrowed. When extensive syntactic diffusion does occur, as it clearly does in cases of extreme convergence, it appears to be due to mechanisms of change associated with language shift.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Matras (2009), på si side, ser innlån av ulike slag, også slike som handlar om struktur, som eit naturleg utfall i språkkontaktsituasjonar der ein stor del av språkbrukarane er tospråklege. Språkbrukaren vil konstant finnjemme dei språklege omgjevnadene sine etter overlapp mellom dei to grammatikkane sine, slik at han kan bruke heile det lingvistiske repertoaret sitt så effektivt som muleg (Matras 2009: 151, 237):

[T]here is pressure on the bilingual to simplify the selection procedure by reducing the degree of separation between the two subsets of the repertoire[. W]e might view the replication of patterns as a kind of compromise strategy that [...] reduce[s] the load on the selection [...] mechanism by allowing patterns to converge, thus maximizing the efficiency of speech production in a bilingual situation.

I Matras sin teori vil eit samanfall av dei to systema, der det er muleg, vere akkurat det ein skulle vente i ein språkkontaktsituasjon. I Lena sin grammatikk kan ein altså observere dette i topikaliseringsstrukturar, i den produktive verbmorfologien, ustabiliteten i V2-regelen i topikaliserings-V2, og det totale fråværet av V2-brot i subjektsinitial V2. Sekvensen finitt verb + negasjon, som finst i begge språka Lena snakkar, er for oss eit paradeeksempel på “mønster som overlappar” og slik “aukar effektiviteten i taleproduksjonen i ein tospråkleg språksituasjon”.

10 Konklusjon og oppsummering

Vi håpar å ha vist at forsking på nedarvingsspråk kan kaste lys over visse område av den formalteoretiske språkvitskapen. Vi brukte data fra fem sett med informantar, norskamerikanarar som snakkar nedarvingsspråket norsk i tre ulike tidsepokar i den amerikanske Midtvesten, i forsøket på å spore ei utvikling i dei produktive verbbøyingsparadigma. Meir spesifikt såg vi etter den eksplisitte markeringa av finittdistinksjonen i bøyinga av lånverb frå engelsk. Vi undersøkte òg ulike typar av V2-brot i dei fem datasetta og fann at det er ein liten auke i talet på V2-brot som opptrer saman med ein vikande finittdistinksjon i det mest produktive verbbøyingsparadigmet.

Det er heilt klart ikkje nok evidens til å sette fram skråsikre konklusjonar, men vi kan seie ganske sikkert at hypotesen vi sette fram (etter



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

Eide 2009a, 2009b, 2012, 2016) om at ei eksplisitt og produktiv markering av finittdistinksjonen heng saman med V2-regelen, ikkje er falsifisert. Vi undersøkte spesielt det individuelle datasettet til informanten "Lena", som har ein ustabil produksjon av finittdistinksjonen, ein ustabilitet som òg er speglar av ein ustabil bruk av topikaliserings-V2, med mange V2-brot i topikaliseringsstrukturane.

Eide sin teori kan derimot ikkje forklare kvifor Lena ikkje har eit einaste V2-brot i subjekt-initiale V2-strukturar (t.d. finitt verb + negasjon), og vi trong ei tilleggsforklaring for å kaste lys over dette faktumet. Fleire av dei spesielle særdraga vi finn i Lena sitt nedarvingsspråk, kan gjerne sjåast som innlån eller transfer frå hennar dominante språk, engelsk. Der Lena sin amerikanorske grammatikk skil seg klart frå europanorsken, kan vi forklare dette som overlapp eller konvergens mellom dei to aktive mentale grammatikkane ho har. Ei slik forklaring er i tråd med det overordna synet vi har på språkkontakt: Språkkontakt hender i sinnet hos språkbrukaren, mykje meir enn i samfunnet. Språkkontakt er dermed å betrakte som eit mentalt fenomen, heller enn eit sosialt eit.

Litteraturliste

- Amaral, Luiz og Tom Roeper. 2014. "Multiple Grammars and Second Language Representation." *Second Language Research* 30: 3–36.
- Auwera, Johan van der og Inge Genee. 2002. "English *do*: On the Convergence of Languages and Linguists." *English Language and Linguistics* 6: 283–307.
- Bailey, Charles J. og Karl Maroldt. 1977. "The French Lineage of English." I: *Langues en Contact – Pidgins – Creoles*, red. Jürgen Meisel, 21–53. Tübingen: Gunter Narr.
- Bardel, Camilla og Ylva Falk. 2007. "The Role of the Second Language in Third Language Acquisition: The Case of Germanic Syntax." *Second Language Research* 23: 459–84.
- Benmamoun, Elabbas, Silvina Montrul og Maria Polinsky. 2013a. "Heritage Languages and Their Speakers: Opportunities and Challenges for Linguistics." *Theoretical Linguistics* 39: 129–81.
- . 2013b. "Defining an 'Ideal' Heritage Speaker: Theoretical and Methodological Challenges. Reply to Peer Commentaries." *Theoretical Linguistics* 39: 259–94.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

- Besten, Hans den. 1983. "On the Interaction of Root Transformation and Lexical Deletive Rules." I: *On the Formal Syntax of the Westgermania*, red. Werner Abraham, 47–131. Amsterdam: John Benjamins.
- Bohnacker, Ute. 2006. "When Swedes Begin to Learn German: From V₂ to V₂." *Second Language Research* 22: 443–86.
- Busterud, Guro. 2014. Anaforsiske bindingskonstruksjoner i norsk som andrespråk. Ph.D.-avhandling, Humanistisk fakultet, NTNU.
- Chomsky, Noam. 1965. *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, MA: MIT Press.
- . 2000. *The Architecture of Language*. New Delhi: Oxford University Press.
- Clahsen, Harald og Pieter Muysken. 1986. "The Availability of Universal Grammar to Adult and Child Learners: A study of the acquisition of German word order." *Second Language Research* 2: 93–119.
- Comrie, Bernhard. 1985. *Tense*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Cook, Vivian J. og Mark Newson. 2007. *Chomsky's Universal Grammar: An Introduction*. Oxford: Blackwell.
- Craenenbroeck, Jeroen van og Liliane Haegeman. 2007. "The Derivation of Subject-Initial V₂." *Linguistic Inquiry* 38: 167–78.
- . 1989. "On the Interaction of Root Transformations and Lexical Deletive Rules." *Studies in West Germanic Syntax, Dissertatie Tilburg*, nr. 20: 14–100. Amsterdam.
- Eide, Kristin Melum. 2002. Norwegian Modals. Doktoravhandling, Humanistisk Fakultet, NTNU.
- . 2005. *Norwegian Modals* [Studies in Generative Grammar 74]. Berlin: Mouton De Gruyter.
- . 2009a. "Finiteness: The Haves and the Have-Nots." I: *Advances in Comparative Germanic Syntax*, red. Artemis Alexiadou, Jorge Hankamer, Thomas McFadden, Justin Nuger og Florian Schäfer, 357–90. Amsterdam: John Benjamins.
- . 2009b. "Tense, Finiteness and the Survive Principle: Temporal Chains in a Crash-Proof Grammar." I: *Towards a Derivational Syntax: Survive Minimalism*, red. Michael Putnam, 91–132. Amsterdam: John Benjamins.
- . 2010. "Mood in Norwegian." I: *Mood in the Languages of Europe*, red. Björn Rothstein og Rolf Thieroff, 56–70. Amsterdam: John Benjamins.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

- . 2011a. “Modals and the Present Perfect.” I: *In the Mood for Mood*, red. Tanja Mortelmans, Jesse Mortelmans og Walter De Mulder, 1–20. Amsterdam: Rodopi.
- . 2011b. “Norwegian (non-V2) Declaratives, Resumptive Elements, and the Wackernagel Position.” *Nordic Journal of Linguistics* 34: 179–213.
- . 2011c. “The Ghost of the Old Norse Subjunctive: The Norwegian Subjunctive Participle.” *Groninger Arbeiten zur germanistischen Linguistik* 52 (3): 1–28.
- . 2012. “Om tempus og aspekt i norsk.” I: *Grammatikk, bruk og norm. Festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen, 15. april 2012*, red. Hans-Olav Enger, Jan Terje Faarlund og Kjell Ivar Vannebo, 57–78. Oslo: Novus Forlag.
- . 2016. “Finiteness, Inflection, and the Syntax Your Morphology Can Afford.” I: *Finiteness Matters. On Finiteness-related Phenomena in Natural Language* (Linguistik Aktuell 231), red. Kristin Melum Eide, 121–67. Amsterdam: John Benjamins.

Eide, Kristin Melum og Arnstein Hjelde. 2013. V2 and Non-V2 in Norwegian Varieties

Spoken in the American Midwest. Foredrag på The 25th Scandinavian Conference of Linguistics, University of Iceland, Reykjavík, 14. mai. Eide, Kristin Melum og Hilde Sollid. 2007. “Om verbpassering og såkonstruksjonen i to språkmøter”. *NOA, Norsk som andrespråk* 23: 5–32.

—. 2010. Norwegian is a V3 Language. Foredrag på 32. Jahrestagung der Deutschen Gesellschaft für Sprachwissenschaft (DGfS), Humboldt-Universität zu Berlin, 23.–26. februar.

—. 2011. “Norwegian Main Clause Declaratives: Variation within and across Grammars”. I: *Linguistic Universals and Language Variation*, red. Peter Siemund, 327–60. Berlin: Mouton De Gruyter.

Eisikovits, Edina. 1987. “Variation in the Lexical Verb in Inner-Sydney English”. *Australian Journal of Linguistics* 7: 1–24.

Emonds, Joseph og Jan Terje Faarlund. 2014. *English: The Language of the Vikings*. Olomouc: Palacky University.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

- Filppula, Markku. 2003. "More on the English Progressive and the Celtic Connection". I: *The Celtic Englishes, vol. 3*, red. Hildegard Tristram, 150–68. Heidelberg: C. Winter.
- Gleitman, Lila R. 1965. "Coordinating Conjunctions in English". *Language* 41: 260–93.
- Grosjean, Francois. 2013. "Noam Chomsky on Bilingualism: Remembering an Interview with Noam Chomsky on Bilingualism". I: Life as a Bilingual: The Reality of Living with Two or More Languages (blogg), Psychology Today, May 24, 2013. <http://www.psychologytoday.com/blog/life-bilingual/201305/noam-chomsky-bilingualism>
- Hammarberg, Björn. 2001. "Roles of L1 and L2 in L3 Production and Acquisition." I: *Cross-linguistic Influence in Third Language Acquisition: Psycholinguistic Perspectives*, red. Jasone Cenoz, Britta Hufeisen og Ulrike Jessner, 21–44. Clevedon: Multilingual Matters.
- Hasselgård, Hilde, Per Lysvåg og Stig Johansson. 2012. *English Grammar: Theory and Use*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. 1953. *The Norwegian Language in America. A Study in Bilingual Behavior*. Bloomington, IN: Indiana University Press.
- Hjelde, Arnstein. 1992. *Trøndsk talemål i Amerika*. Trondheim: Tapir.
- . 2012. "Folkan mine, dæm bære snakka norsk' – Norsk i Wisconsin fra 1940-talet og fram til i dag." *Norsk lingvistisk tidsskrift* 30 (2): 45–65.
- . 2015. "Changes in a Norwegian Dialect in America." I: *Germanic Heritage Languages*, red. Joseph Salmons og Janne Bondi Johannessen, 283–98. Amsterdam: John Benjamins.
- Holmberg, Anders og Christer Platzack. 1995. *The Role of Inflection in Scandinavian Syntax*. Oxford: Oxford University Press.
- Häberli, Eric. 2002. "Inflectional Morphology and the Loss of Verb-Second in English." I: *Syntactic Effects of Morphological Change*, red. David Lightfoot, 88–106. Oxford and New York: Oxford University Press.
- Håkansson, Gisela, Manfred Pienemann og Susan Sayheli. 2002. "Transfer and Typological Proximity in the Context of Second Language Processing". *Second Language Research* 18: 250–73.
- Jin, Fufeng, Kristin Melum Eide og Guro Busterud. 2015. "Nyere andrespråksteorier." I: *Norsk andrespråkssyntaks*, red. Kristin Melum Eide, 241–84. Oslo: Novus.
- Julien, Marit. 2008. "Så vanleg at det kan ikkje avfeiast: om V2 i innføydde setningar". I: *Språk i Oslo. Ny forskning omkring talespråk*, red.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

- Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen, 159–71. Oslo: Novus Forlag.
- Kemenade, Ans van. 1987. *Syntactic Case and Morphological Case in the History of English*. Dordrecht: Foris Publications.
- Kroch, Anthony og Ann Taylor. 1997. “Verb Movement in Old and Middle English: Dialect Variation and Language Contact”. I: *Parameters of Morphological Change*, red. Ans van Kemenade og Nigel Vincent, 197–235. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kroll, Judith F., Cari A. Bogulski og Rhonda McClain. 2012. “Psycholinguistic Perspectives on Second Language Learning and Bilingualism.” *Linguistic Approaches to Bilingualism* 2: 1–24.
- Lynch, Andrew. 2003. “The Relationship between Second and Heritage Language Acquisition: Notes on Research and Theory Building.” *Heritage Language Journal* 1 (1).
- Matras, Yaron. 2009. *Language Contact*. Cambridge: Cambridge University Press.
- McWhorter, John H. 2005. *Defining Creole*. Oxford: Oxford University Press.
- . 2007. *Language Interrupted. Signs of Non-Native Acquisition in Standard Language Grammars*. Oxford: Oxford University Press.
- Nistov, Ingvild og Toril Opsahl. 2014. “The social side of syntax in multilingual Oslo”. I: *The Sociolinguistics of Grammar*, red. Tor A. Åfarli & Brit Mæhlum, 91–116. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- NorAmDiaSyn corpus: <http://tekstlab.uio.no/glossa/html/?corpus=amerikanorsk>.
- Nordisk Tidende*, 3. desember 1931.
- Nordström, Jackie. 2010. “The Swedish *så*-Construction, a New Point of Departure.” *Working Papers in Scandinavian Syntax* 85: 37–63.
- Opsahl, Toril. 2009. “Egentlig alle kan bidra!” – en samling sosiolinguistiske studier av strukturelle trekk ved norsk i multietniske ungdomsmiljøer i Oslo. Ph.D.-avhandling, Universitetet i Oslo.
- Opsahl, Toril og Ingvild Nistov. 2010. “On Some Structural Aspects of Norwegian Spoken among Adolescents in Multilingual Settings in Oslo.” I: *Multilingual urban Scandinavia: new linguistic practices*, red. Pia Quist og Bente Ailin Svendsen, 49–63. Bristol: Multilingual Matters.

OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

- Page, B. Richard og Michael T. Putnam. 2015. Researching Moribund Germanic Heritage Languages: Theoretical and Empirical Challenges and Rewards. I *Moribund Germanic Heritage Languages in North America: Theoretical Perspectives and Empirical Findings*, red. B. Richard Page og Michael T. Putnam, 1–11. Leiden/ Boston: Brill.
- Pienemann, Manfred. 1998. *Language Processing and Second Language Development: Processability Theory*. Amsterdam: John Benjamins.
- Platzack, Christer. 1998. *Svenskans inre grammatik—det minimalistiska programmet: en introduktion till modern generativ grammatik*. Lund: Studentlitteratur.
- . 2001. “The Vulnerable C-Domain.” *Brain and Language* 77: 364–77.
- . 2010. *Den fantastiska grammatiken. En minimalistisk beskrivning av svenska*. Stockholm: Norstedts.
- Poussa, Patricia. 1982. “The Evolution of Early Standard English: The Creolization Hypothesis.” *Studia Anglica Posnaniensia* 14: 69–85.
- Rizzi, Luigi. 1996. “Residual Verb Second and the Wh-Criterion.” I: *Parameters and Functional Heads*, red. Adriana Belletti og Luigi Rizzi, 63–90. Oxford: Oxford University Press.
- . 1997. “The Fine Structure of the Left Periphery.” I: *Elements of Grammar*, red. Liliane Haegeman, 281–337. Dordrecht: Kluwer.
- Roeper, Tom. 1999. “Universal Bilingualism.” *Bilingualism: Language and Cognition* 2: 169–86.
- Rohrbacher, Bernhard. 1999. *Morphology-Driven Syntax: A theory of V to I raising and pro-drop* (Linguistik Aktuell 15). Amsterdam: John Benjamins.
- Rothman, Jason. 2009. “Understanding the Nature and Outcomes of Early Bilingualism: Romance Languages as Heritage Languages.” *International Journal of Bilingualism* 13: 155–63.
- Sampson, Geoffrey. 2002. “Regional Variation in the English Verb Qualifier System.” *English Language and Linguistics* 6: 17–30.
- Schütze, Carson. T. 2003. “When is a Verb Not a Verb?” *Nordlyd* 31(2): 400–15.
- Sollid, Hilde og Kristin Melum Eide. 2007. “On Verb Second and the *så*-Construction in Two Mainland Scandinavian Contact Situations.” *Nordlyd* 34(3): 7–28.
- Travis, Lisa. 1984. Parameters and Effects of Word Order Variation. Ph.D.-avhandling, MIT.



KRISTIN MELUM EIDE OG ARNSTEIN HJELDE

- Trudgill, Peter. 2001."Contact and simplification: historical baggage and directionality in linguistic change." *Linguistic Typology* 5 (2/3): 371–74.
- Trudgill Peter og J. K. Chambers (red.). 1991. *Dialects of English: Studies in Grammatical Variation*. London: Longman.
- Ureland, Sture. 1971. "Report on Texas-Swedish Research." *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 94: 28–74.
- US Census Bureau: US Census 2000 Special Tabulation 224.
- Vikner, Sten. 1995. *Verb Movement and Expletive Subjects in the Germanic Languages*. Oxford: Oxford University Press.
- Vikner, Sten og Bonnie Schwartz. 1996. "The Verb Always Leaves IP in V₂ clauses". I: *Parameters and Functional Heads*, red. Adriana Belletti og Luigi Rizzi, 11–62. Oxford: Oxford University Press.
- Westergaard, Marit. 2009. "Word Order in Old and Middle English: The Role of Information Structure and First Language Acquisition." *Diachronica* 26(1): 65–102.
- Westergaard, Marit R. og Øystein Alexander Vangsnes. 2005. "Wh-questions, V₂, and the Left Periphery of Three Norwegian Dialect Types." *Journal of Comparative Germanic Linguistics* 8(1–2): 119–60.
- Wiklund, Anna-Lena, Kristine Bentzen, Gunnar Hrafn Hrafnbjargarson og Þorbjörg Hróarsdóttir. 2009. "On the Distribution and Illocution of V₂ in Scandinavian *that*-Clauses." *Lingua* 119: 1914–38.
- Winford, Donald. 2003. *An Introduction to Contact Linguistics*. Hoboken, NJ: John Wiley & Sons.
- Yang, Charles. 2003. *Knowledge and Learning in Natural Language*. Oxford: Oxford University Press.
- Zanuttini, Rafaela. 1996. "On the Relevance of Tense for Sentential Negation." I: *Parameters and Functional Heads. Essays in Comparative Syntax*, red. Adriana Belletti og Luigi Rizzi, 181–207. Oxford: Oxford University Press.
- Zwart, C. Jan-Wouter. 1997a. "The Germanic SOV Languages and the Universal Base Hypothesis." I: *The New Comparative Syntax*, red. Liliane Haegeman, 46–264. London: Addison-Wesley.
- . 1997b. *Morphosyntax of Verb Movement: A Minimalist Approach to the Syntax of Dutch*. Dordrecht: Kluwer.



OM VERBPLASSERING OG VERBMORFOLOGI I AMERIKANORSK

Summary

The study reported in this paper investigates the relationship between verbal inflectional paradigms and the robustness of the verb second rule (V2) in Norwegian dialects spoken in the American Midwest. The data come from five sets of recordings of informants speaking Norwegian as a heritage language. The recordings were made at three different times: 1940s, 1990s and 2010s. These data sets enable us to examine historical developments in the community's heritage language with regard to inflection, word order and the potential relationship between the two. By using data from heritage speakers, our study also aims to shed light on what happens to the V2 rule(s) in a contact situation where the heritage language (here Norwegian) posits the V2 rule categorically and the dominant language (here American English, AmE) does not. Essentially, this paper considers language contact as a mental, more than a social, phenomenon.

Kristin Melum Eide
Institutt for språk og litteratur
Norges teknisk-naturvitenskapelig
universitet (NTNU)
NO-7491 TRONDHEIM
og
Høgskolen i Østfold
Postboks 700
NO-1757 HALDEN
kristin.eide@ntnu.no

Arnstein Hjelde
Høgskolen i Østfold
Postboks 700
NO-1757 HALDEN
arnstein.hjelde@hiof.no